

# 2017



ÅRSMELDING FOR LOM KOMMUNE



## Innleiing

Om Lom - visjon og verdigrunnlag.....	4
Ordføraren sine kommentarar.....	5
Status og vurdering frå adm.sjef.....	6

## Styringssystem

Mål og resultatstyring .....	8
Internkontroll.....	8
Årshjulet.....	9
Politisk organisering.....	9
Administrativ organisering .....	9
Nokre tal for 2017 .....	10

## Perspektiv

Kommunen som arbeidsgjevar .....	12
Attendeblikk .....	15
KOSTRA-tal .....	18

## Økonomisk oversyn

Frie inntekter .....	19
Hovudtal frå tenesteområda.....	20
Rekneskapsoppstilling.....	21
Handlingsregelen .....	23
Finansrapport.....	27

## Oversyn frå tenesteområda

Støttefunksjonen .....	28
Servicetorg, informasjon, kultur .....	29
Barnehagane i Lom .....	32
Skulane i Lom .....	34
Pleie og omsorg .....	40
Miljø, teknisk, næring .....	46
Helse og velferd .....	55


## Årsoppgjer 2017

Driftsrekneskap.....	54
Rekneskapskjema 1a & 1b .....	55
Balanse .....	56
Økonomisk oversikt.....	57
Rekneskapskjema 2a & 2b.....	58
Anskaffelse og anvendelse av midler.....	59
Endring av arbeidskapital .....	59

# Vedlegg: Notar og revisjonsmelding

Note 01 - Endring i arbeidskaptial.....	61	Note 13 - Endringer i regnskapsprinsipp (...).	69
Note 02 - Årsverk/ytingar til leiarar/revisor..	61	Note 14 - Kaptialkonto.....	70
Note 03 - Pensjon .....	62	Note 15 - Tap på krav .....	70
Note 04 - Anleggsmidlar.....	64	Note 16 - Investeringsprosjekt.....	71
Note 05 - Aksjar og andelar i varig eige.....	65	Note 17 - Sjølvkostområde .....	71
Note 06 - Sal av finansielle anleggsmiddel....	65	Note 18 - Usikre forpliktelser, betingede(...).	72
Note 07 - Langsiktig gjeld.....	66	Note 19 - Spesifikasjon av vesentlege(...).	72
Note 08 - Avdrag på lån .....	67	Note 20 - Virkning av endring av regnsk(...).	73
Note 09 - Kommunen sitt garantiansvar .....	67	Note 21 - Etablering/avvikling av KF.....	73
Note 10 - Andre vesentlege forpliktingar.....	67	Note 22 - Fordringer og gjeld til komm(...).	73
Note 11 - Finansielle einendeler og forpl(...).	67	Note 23 - Interkommunalt samarbeid(...).	74
Note 12 - Avsetning og bruk av fond .....	68	Note 24 - Uavhengig revisors beretning .....	76





# Lom

**Lom kommune** ligg i Ottadalen i Oppland fylke og grensar i nord til Skjåk og Lesja, i aust til Vågå, i sør til Vang, og i vest til Luster i Sogn og Fjordane. Kommunen har sine noverande grenser fra 1866, då Skjåk vart skilt ut som eigen kommune.

## Geografi

Mesteparten av arealet i Lom utgjer snaufjell og brear der over 90% av arealet ligg over 900 moh. Innan kommunen ligg meir enn halvparten av Jotunheimen nasjonalpark og begge dei to høgste fjelltoppane i Noreg, Galdhøpiggen på 2469 moh. og Glittertind, som er fast fjell på 2452 moh. med ein isbre på toppen.

Gjennom fjellområda i kommunen får to dalføre, Ottadalen og Bøverdalen. Desse to dalane møtest ved tettstaden Fossbergom. Folkesetnaden bur for det meste langsmed sørsida av Ottadalen. Andre busette område i kommunen er Lia, Garmo og Bøverdalen.


## Næringsliv

Den viktigaste enkeltnæringa i Lom er jord- og skogbruk. Grunna det tørre klimaet må bøndene bruke vatningsanlegg. Lom har den norske rekorden for minst nedbør i laupet av eitt år, 130 mm i 1911. Turisme er ei viktig næring takka vere plasseringa mellom fjellområde, med ei rekke hotell og turisthytter både i Fossbergom og oppover i Bøverdalen. Fleire naturområde i Lom er verna, mellom anna delane av kommunen som ligg innan nasjonalparkane Jotunheimen, Breheimen og Reinheimen, i tillegg til tre mindre naturreservat.

## Kultur

Lom har fleire minne frå eldre kultur, mellom anna Lom stavkyrkje. Garmo kyrkje vart rivi 1880 og etterreist på Maihaugen på Lillehammer som del av De Sandvigske samlinger. På Fossbergom Steinsenteret det samlingar av stein frå heile verda, særleg mange mineral frå Jotunheimen. Norsk fjellmuseum opna i 1994. Lom bygdemuseum er ein del av det konsoliderte Museet i Nord-Gudbrandsdalen og har fleire bygningar, me.a. Tor-Jonsson stugu, der diktaren voks opp. Ein minnestein er reist ved Hamsunstugu på Garmo, som er fødestanden til Knut Hamsun. Annakvart år vert litteraturfestivalen Diktardagar arrangert.

kjelde: wikipedia.no



**Areal** 1.969 km<sup>2</sup>

-Land 1.900 km<sup>2</sup>

-Vatn 69 km<sup>2</sup>

**Folketal** 2.360(1.1.2017)

**Kommunenr.** 0514

## Visjon og verdigrunnlag

### Visjon: Lom – gjestfritt og nyskapande

Gjestfridomen skal omfatte alle:

- Dei som allereie er fast busette
- Dei som ønskjer å busetja seg i Lom
- Tilreisande, turistar
- Slagordet "Kom til Lom" er med og synleggjer visjonen.

### Verdigrunnlag

Lom skal vera eit lokalsamfunn basert på desse grunnverdiane:

- |                |                            |
|----------------|----------------------------|
| • Gjestfri     | • Nyskapande               |
| • Open         | • Trivel                   |
| • Inkluderande | • Lokal kultur og historie |
| • Respektfull  | • Natur                    |

I den kommunale verksemda skal alle tilsette leggje vekt på å vera:

- Offensive
- Løysingsorienterte
- Inkluderande

# Ordføraren kommenterer

Eit krevjande 2017 er over, der vidareføring av store omstillingsskrav nok ein gong utfordrar oss. Tenestetilbodet er likevel på eit bra nivå, og eit overordna politisk mål er å ha fokus på det viktige ansvaret vi som politkarar har.

**Årsmelding og årsregnskap** gir viktig informasjon for oss å styre etter politisk. Vi har eit lite regnskapsmessig mindreforbruk i 2017, noko som sjølv sagt er positivt, men det gjev oss ikkje særleg handlingsrom i form av ein buffer avsett på fond.

**Politikk er prioritering.** Å prioritere i såpass krevjande situasjon, er vanskeleg, men ikkje umogleg. Likevel er det naudsynt å ha stort fokus på. Vi må ha utvikling og vekst - innanfor mange område.

Døme på politisk prioritering for 2017: vi fekk i stand eit etterlengta, nytt og moderne Helsecenter - som vi alle er stolte av.

Bra for pasientar og alle dei tilsette rundt, i godt samarbeid med dyktige legar og anna helsepersonell.

I tillegg fekk vi òg i stand renovering av symjebassenget i Utgard - eit prosjekt som også er eit tydeleg døme på politisk prioritering. Men som likevel tok sin tid. «Endeleg» og «På tide», var kommentarar i samband med den offisielle opninga. Vi forstår utålmodet, samstundes som det er ei pedagogisk utfordring å få formidla til våre innbyggjarar at vi må ha kontroll på investeringer, kontra drift, for å prøve og holde oss innanfor vedtatt handlingsregel. Som eit naudsynt styringsverktøy og ein viktig indikator. Årsmeldinga syner at vi har ein jobb å gjera der.

**Digitaliseringprosjektet** går sin gang, og vi er berre i starten av å sjå kva for slags moglegheit og forenkling som ligg i det. Men det er ikke berre i gleda. Vi må jobbe for at alle kan takle denne framtida, slik at vi unngår utenforskap og b-lags kjensle. Det blir eit viktig mål framover. Stortinget har lagt opp til storstilt digitaliseringsprogram, men tek ikkje ansvar for fullfinansiering av manglande breibandsdekning. Det vil bli nok ei utfordring for oss som kommune, som vi må jobbe godt med politisk. I tillegg har vi fått pålegg om innføring av nye oppgåver og vilkår på oss, som også legg beslag på ressursar, utan at det følgjer ei blank krone med.

**Omstillingstider** er krevjande som nevnt, men ikkje minst for den enkelte tilsette. Det skapar fort usikkerhet og uro i ein organisasjon. Dette gjeld ikkje minst i



høve digitaliseringsarbeidet. God informasjonsflyt, inkluderingsperspektiv og gode omstillingssprosessar vil stå sentralt. Det set krav til politisk nivå som vedtaksmyndighet og administrasjonen som utøvande myndighet.

**Ein takk til** administrasjonssjef og øvrige tilsette for innsatsen i 2017. Alle ledd i ein organisasjon er viktige, i god samhandling og i samarbeid på tvers. Alle innbyggjarane nyter godt av den tenesta som Lom kommune leverer, og dei tilsette strekkjer seg langt for at du skal vera tilfreds!

Tenk berre på kor mange kommunale tenester du har bruk for i løpet av en dag - fra du (og evt. familien og øvrig familie) står opp om morgonen til du legg deg om kvelden.

**Er du** likevel ikkje nøgd med tenestetilbod(a), må du bruke moglegheita di til å påverke ved å svara på brukarundersøkingane kommunen sender ut. Vi ynskjer og attendemelding på det som er bra, for å sjå heilskap og utvikling over tid.

Berre slik veit vi ståa - på godt og vondt! Slik skapar vi saman Lom til ein god plass å bu!

Fungerande ordførar

# Status og vurdering

**2017 var eit år med mange hendingar og tiltak i kommunen. Fleire av tiltaka viser at kommunen er i utvikling til det beste for innbyggjarane våre. Dette kan du lesa meir om ved å gå gjennom årsmeldinga totalt sett.**

Driftsresultatet er svekka samanlikna med 2016. Det er fleire årsaker til dette. Ei vesentleg årsak er reduksjon i utbytte frå Eidefoss AS og reduksjon i eigedomsskatt frå verk og bruk. Desse utgjer til saman om lag kr 5 mill i endring frå førre året, og er ei vesentleg årsak til svekka driftsresultat. Samstundes opplever mange andre små kommunar svekka resultat som følgje av endringar i samband med innfasing av nytt inntektssystem. 2017 er første år i innfasinga, og viser ei utvikling som vi må rekne med held fram. Generelt viser driftsresultata i norske kommunar gode resultat i 2017. Forbetring frå forutsetninga i form av budsjett skuldast i vesentleg grad god skatteinngang nasjonalt. Dette er i vesentleg grad som følgje av ekstraordinære skatteinntekter som ikkje kan leggjast til grunn for komande driftsår. Vidare er det slik at minsteinntektskommunar ikkje får dette fullt ut kompensert gjennom inntektsfordelingssystemet.

Det er grunn til å vera uroa over den økonomiske driftssituasjonen i kommunen. Det er fleire vesentlege årsaker til dette. Høg lånegjeld gjer oss sårbare i høve renteoppgang. Handlefridom til å handtere uforutsette utgifter er avgrensa. Handlingsrommet for inntektsauke over drift er avgrensa som følgje av eigne vedtak, regelverk knytt til brukarbetalingar i form av sjølvkost og avgrensningar knytt til forskrifter og makssatsar. Vurdert opp i mot underliggende forutsetninger som t.d. tendens til redusert innbyggjartal, endring i innbyggjarsamansettinga og reduksjon/bortfall av busetting av flyktninger reduserer inntektene til kommunen både gjennom inntektssystem og kompensasjonsordninga. Samstundes er kommunen pålagt å halde tenestetilbodet på forutsett nivå. M.a kan det nemnast at reduksjon i innbyggjartal i 2017 var på 29, noko som kommunen vil merke i lågare overføringer frå staten.

Endring av tenesteytinga knytt til områda med redusert innbyggjartal og tenesteetterspurnad tek tid. Kommunen må samstundes ruste seg til betydelege investeringar for å møte forventa etterspurnad



# frå administrasjonssjef

om omsorgs- og velferdstenester. Dette skal skje samstundes med at vedlikehald av eksisterande anlegg skal haldast på eit fornuftig nivå. Konsekvensen av dette, og økonomisk målsetting fastsett i handlingsregelen, er at kommunen må halde fram med, og trappe opp jakt på strukturendringar og tilpassing av tenestetilbodet. Dette arbeidet må intensiverast og bør vera klar til rullering av økonomiplanen. Nødvendige prioriteringar blir ei utfordring som folkevalde og tilsette må løyse i lag. Digitalisering og effektivisering er vedtatte og sentrale element i utvikling av kommunen som er forventa å gje gode resultat. Desse vil likevel, i tillegg til generelle kutt i eksisterande rammer, ikkje vera tilstrekkeleg for å innfri forutsett balanse i drift.

Budsjettdisiplinen i 2017 har vore god. Når det gjeld drift så er det ikkje vesentlege avvik utanom om dei endringane som kommunen har vore nødt til å ta, m.a. som følgje av uforutsette hendingar.

Tilsette i kommunen gjer ein god jobb ved å levere gode tenester og effektiv drift. Tenesteomfang og innhald har vorte levert med færre medarbeidarar i 2017. At kommunen har gode resultat og har effektiv

drift på fleire område går fram i resultatframstillingar som t.d. brukarundersøkjingar, kommunebarometeret, kommunebildet frå Fylkesmannen og teknisk beregningsutval. Det blir utfordrande å halde dette nivået med redusert ressurstilgang, og vi må ta inn over oss at kvalitet og dekningsgrad kan gå ned på fleire område som følge av kravet til økonomisk drift.

Sjukefråveret har gått marginalt ned i 2017. Det er likevel grunn til å vera uroa over negativ utvikling i andel langstidssjukmelde. Om denne utviklinga held fram kan det føre til utfordringar på andre område. Det må derfor arbeidast med å forebygge dette. Eitt av tiltaka som er iverksett er ei brei leiarutvikling der fokus på leiarskap og medarbeidarskap er sentrale element. Tillitsvalde er og invitert til å vera med på dette.

*Eg nyttar høvet til å takke tilsette og folkevalde for samarbeidet i 2017.*



# Mål og resultatstyring

Lom kommune har omfattande delegering av mynde. Vi lever i eit samfunn med raske endringar, og gjennom denne delegeringa blir det ein fleksibel organisasjon og avgjerder blir tekne der kompetanse ligg. Gjennom dette oppnår ein meir attraktive arbeidsplassar, ved at den enkelte får nytta sin kompetanse.

For styring og koordinering er det i fleire år blitt nytta balansert målstyring. Det blir vedteke mål for kvart tenesteområde som ein del av kommunen sitt budsjettvedtak. Økonomisk er det rapportert til kommunestyret kvart tertial, der årsrapporten fungerer som rapport for 3. tertial. Det er systematiske målingar av brukar og medarbeidarperspektivet

gjennom spørjeundersøkingar, der tenestekvalitet og medarbeidartilfredshet blir målt. Det er teke i bruk ny medarbeidarundersøking, slik at resultat frå denne kjem ikkje med i årsmeldinga for 2015.

Kommunen nyttar elles Kommunebarometeret i styring av verksemda.

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Lom kommune			
			Resultat 2014	Resultat 2015	Resultat 2016	Resultat 2017
Økonomi	Økonomi- styring og drift	Brutto driftsresultat	-5,8%	-7,8%	0,3%	-1,9%
		Netto driftsresultat	-1,0%	-2,5%	5,1%	1,1%
		Justert netto driftsresultat	-1,3%	-0,3%	4,7%	1,9%
Finansiell	Eigekapitalprosent	42,0%	29,3%	27,6%	28,7%	
	Langsiktig gjeld i % av driftsinntekter	93,3%	89,4%	97,6%	96,5%	
Likviditets- styring	Lividitetsgrad 1	3,6	3,2	2,6	2,7	
	Arbeidskapital i % av driftsinntekter	41,3%	33,5%	32,2%	29%	
Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid	4,8%	4,8%	3,8%	1,8%	
	Sjukefråvær langtid	4,1%	4,1%	3,7%	5,6%	

## Internkontroll

**Arbeidsmiljølova legg føringar for helse, miljø og tryggleiksarbeidet ved at den i § 3-1, p. 1 seier:**

**«For å sikre at arbeidstakers helse, miljø, og sikkerhet blir i varetatt, skal arbeidsgiver sørge for at det utføres systematisk helse-, miljø og sikkerhetsarbeid på alle plan i virksomheten. Dette skal gjøres i samarbeid med arbeidstakerne og deres tillitsvalgte».**

Aml. § 4 utløyser plikt til internkontroll: «den som er ansvarleg for virksomheten skal sørge for at det innføres og utøves internkontroll i virksomheten og at dette gjøres i samarbeid med arbeidstakerne og deres representanter. Arbeidstakerne skal medvirke ved innføring og utøvelse av internkontroll.»

Skriftleg dokumentasjon på internkontrollen skal minst omfatte § 5 punkt 4 – 8 i internkontrollforskrifta.

Internkontrollen er heimla i Kommuneloven. Administrasjonssjefen

skal syte for at kommunen blir drive i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar, og at det er god kontroll innan økonomi- og personalforvaltning, innkjøp, IKT-styring og informasjonstryggleik, saksbehandling og tenesteproduksjon.

Internkontroll handlar om systematisk arbeid og dokumentasjon av eigen praksis, forbetring av arbeidsmetoder og samhandling for å sikre måloppnåing, og for å unngå lovbro og andre uønska hendingar. Med internkontroll meiner ein kvalitetssikring av prosessar, system og rutinar som blir utforma og gjennomført. Ein nyttar elektronisk kvalitetssystem frå Kommuneforlaget (KF), gjennom KF-infoserie, KF-kvalitetsstyring og KF-Betre.kommune. Fokus i 2014 har vore avvikssystem og risikoanalyser. Det er framleis dokumentasjon, som skal inn i det elektroniske kvalitetssystemet. Arbeidet vil fortsetje for å få eit heilskapleg kvalitetssystem, som i varetek kravet til internkontroll innan ramma av § 23 i kommunelova.


### Kommunelova§ 23, 2. ledd

Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instrukser, og at den er gjenstand for betryggende kontroll

### Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i virksomheter §3

Internkontroll: Systematiske tiltak som skal sikre at virksomhetens aktiviteter planlegges, organiseres, utføres og vedlikeholdes i samsvar med krav fastsatt i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivningen.

# Årshjulet



## Kommunestyret 2015 - 2019



Bjarne Eiolf Holø  
Svanhild Lyngved  
Silje Stee Vole  
Arnstein Rusten  
Rolv Enersvold  
Hjørdis Sletten  
Odd Arne Kroken  
Marit Sletten

Anne-Lise Marstein  
Harald Onsum-Berg  
Kari Ramen  
Norvald Hellekveen



Jarmund Øyen  
Kristian Frisvold  
Dagfinn Kvålshagen



Eilev Hellekveen  
Synne Skogsrød Bjørgen

## Formannskapet

Bjarne Eiolf Holø (ordførar) Anne Lise Marstein (varaordførar), Marit Sletten, Eilev Hellekveen, Kristian Frisvold.

## Andre politiske råd og utval

Administrasjonsutval  
Brukarråd  
Eldrerådet  
Kommunalt råd for funksjonshemma

Landsbyrådet  
Overtakstnemnd  
Takstutval  
Ungdomsrådet

Vilt og innlandsfiskenemnd  
Valnemnd  
Valstyret  
Kontrollutvalet

## Administrativ organisering

Lom kommune er organisert i ein to-nivå-modell med Ola Helstad som administrativ leiar. Administrasjonen er inndelt i desse tenesteområda med kvar sin leiar:

- Støttefunksjonen**, leiar Egil Haug
- Loar skule**, rektor Anita Hølmo Nestvold
- Lom ungdomsskule**, rektor Lisa Kronhaug
- Loar barnehage**, leiar Ragnhild Vestad
- Miljø, teknisk, næring**, Ola Helstad konst. leiar

- Helse og velferd**, kommunalsjef Bjørn Bakke
- Pleie og omsorg**, pleie- og omsorgssjef Oda Evy Øyen
- Servicetorg, informasjon, kultur**, Ola Helstad konst. leiar, Trond Byre-Haakensen leiar servicetorg frå des. -17

Forventa folketalsutvikling

 **2327**  
innbyggjarar i Lom pr. 2030

Utgifter pr. døgn i institusjon  
i kroner

 **3399**

Forventa folketalsutvikling

 **2342**  
innbyggjarar i Lom pr. 2040

Mottakarar av  
heimetenester 67-79 år:


 **94**  
pers. pr. 1000 innbyggjarar

Forventa levealder i fylket

 **82,9** år  
Kvinner

*...nokre tal for*  
**2017**  
*Lom kommune*  
kjelde: ssb.no

### Aldersfordeling i Lom (pr. 1. januar 2018)



Fødde:

 **11**  
pers. pr. 4. kvartal 2017

Dødd:

 **27**  
pers. pr. 4. kvartal 2017

Folkevektst:

 **-11**  
pers. pr. 4. kvartal 2017

Lom si befolkning

 **2331**  
pers. pr. 4. kvartal 2017

Forventa levealder i fylket

 **79,3** år  
Menn


Andel barn med barnehageplass

 **93,7%**

Fastlegeårsverk

 **12,8**  
pr. 10 000 innbyggjarar


## Kva arbeider vi med i Lom?



-  Jordbruk, skogbruk og fiske
-  Sekundærnæringar
-  Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstj., forretningsmessige tj., eigendom
-  Off.adm., forsvar, sosialforsikring
-  Undervisning
-  Helse- og sosialtenester
-  Personleg tenesteyting

...nokre tal for  
**2017**  
Lom kommune  
kjelde: ssb.no

Netto utgifter til kultursektoren

 **4470**  
pr. innbyggjar

Gjennomsnitt pr. brukar  
av praktisk bistand i timer

 **8,1**  
timar i veka

Personar med  
innvandrarbakgrunn:

 **161**  
pers. pr. 4. kvartal 2016

Personar pr.  
privathushaldning:

 **2,24**  
pers. pr. 4. kvartal 2017


Innbyggjarar pr.  
km<sup>2</sup> landareal:

 **1**  
pers. pr. 4. kvartal 2010

Nettoflytting:

 **+5**  
pers. pr. 4. kvartal 2016

# Kommunen som arbeidsgjevar



# Lom

## Arbeidsgjevarstrategien i Lom

Lom kommune har ein arbeidsgjevarstrategi frå 2012. Arbeidsgjevarstrategien er inndelt i to overordna satsingsområde :

### Omdømme og rekruttering

### Omdømme og nærvær

Under desse to finn vi desse satsingsområda:

- |                         |                            |
|-------------------------|----------------------------|
| • rekruttere og behalde | • likestilling og mangfold |
| • kompetanse            | • nærvær og fråvær         |
| • løn                   | • leiing                   |
| • livsfase              | • medbestemmelse           |

Strategien er eit overordna styringsdokument som skal sjåast saman med sentrale avtaler mellom arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgjevar, og lokale styringsdokument som kommuneplanen Lom 2020 og budsjettet dokument.

Arbeidsgjevarstrategien ser fram mot 2020.

### Mål for arbeidsgjevarstrategien;

- Lom kommune skal kontinuerleg forbetre kvalitet og effektivitet, og utvikle nye løysingar saman med brukarar, innbyggjarar og samarbeidspartar.
- Løn kommune skal ha leiarar som utfordrar, stiller krav og støttar.
- Lom kommune skal ha ein høg etisk standard, dei tilsette skal ta ansvar for eigne handlingar i samsvar med dei etiske retningslinene.
- Lom kommune skal ha evne til å rekruttere, behalde, og utvikle medarbeidarar, og ha god konkurranseevne i arbeidsmarknaden.
- Lom kommune ynskjer til kvar tid å representera mangfaldet i samfunnet.
- Tilsette og arbeidsgjevar arbeider kontinuerleg for eit godt omdømme.

## Arbeidsmiljø og HMT

Lom kommune vart i 2003 IA-kommune, og har partsamansett skrive under avtale ut 2018. Som IA-kommune skal Lom kommune aktivt arbeide for å betre arbeidsmiljøet, styrke jobbnærvær og hindre utstøyting og fråfall frå arbeidslivet.

Verksemder med minst 50 tilsette har plikt til å ha ein arbeidsmiljøutval (AMU). AMU skal arbeide for eit fult forsvarleg arbeidsmiljø i verksemda. Utvalet skal delta i planlegging av verne- og miljørbeidet i verksemda, og fylje nøye med på utvikling av arbeidsmiljøet. Lom kommune sitt AMU har 2 representantar frå arbeidstakarane og 2 representantar frå arbeidsgjevar. Dei 4 faste medlemmane er hovudverneombodet, NSF som representant for dei tilsette, administrasjonssjefen og ein politikar. Lom kommune har Frisk HMS som bedrifthalseteneste, og dei er innkalla til alle møta. Leiaransvaret i AMU 2016 har vore arbeidstakarsida sitt.

Det har vore gjennomført 4 møter i 2016, og eit av tema som var oppo på kvart møte var gjennomgang av sjukefråværet. AMU har teke saka til orientering. Elles har det vore orientering og dialog rundt tema helsefremjande tiltak for tilsette i kommunen, omlegging og endring i organisering i PLO, gjennomgang av bruken av bedrifthalsetenesta, resultatet etter vernerundane med handlingsplaner og prioriteringar, årshjul for HMT, HMT-handbok, avvik på HMT i 2016, og møteplan for 2017.

Tiltaksplanen i arbeidsgjevarstrategien seier at kommunen skal arbeide med god oppfølging av dei tilsette gjennom trivsel og helsefremmende tiltak, aktiv bruk av livsfasepolitikken, arbeide med IA-avtalen, arbeide for kommunikativt og nært leiarskap, og ha eit elektronisk HMS/Kvalitetssystem som gjev god flyt og sikrar gode rutinar. Det er eit felles kvalitetssystem for heile kommunen.

### Sjukefråvær totalt Lom kommune

Dagar	2013	2014	2015	2016	2017
1-16	2,7	4,8	2,6	1,9	1,8
17-40	2,5	3,1	3,7	1,9	1,0
41+	2,0	3,1	0,7	3,7	4,6
<b>Totalt</b>	<b>6,3</b>	<b>8,9</b>	<b>7,0</b>	<b>7,5</b>	<b>7,3</b>

Sjukefråvær 2017 i %	1-16 dagar	17-40 dagar	41+ dagar	Totalt
Støttefunksjonen	1,6	0,4	0,9	2,8
SIK	0,2	0,4	0	0,6
Loar skule	1,7	1,7	2,1	5,5
Lom ungdomsskule	1	0,2	2,3	3,5
Barnehage	2	0,8	7,5	10,3
MTN	2,8	1,8	6,2	10,8
Utgard	1,4	1,4	4,4	7,1
Bibliotek	1,3	0	0	1,3
Helse og velferd	1,3	1,3	11	13,6
Pleie og omsorg	2	0,9	4,5	7,4
<b>TOTALT</b>	<b>1,8</b>	<b>1</b>	<b>4,6</b>	<b>7,3</b>

# Kom til Lom!

## Rekruttering og kompetanseutvikling

**Kompetanse er summen av dei kunnskapar, ferdigheiter, evner og haldningar som må nyttast for å utføre dei kommunale oppgåvene som Lom kommune til ei kvar tid utfører, og for å oppnå dei mål som er sette for tenesteytinga.**

Kompetanseplanen er ein overordna plan som syner korleis Lom kommune ynskjer å arbeide med kompetanseutvikling for å nå måla sine i framtida. Kompetanseplanen skal sikre ei målretta kompetanseutvikling av Lom kommune sine tilsette og ei målretta rekruttering av ny arbeidskraft.

Kompetansebehovet skal definerast ut frå kva som er nødvendig for å nå overordna mål og krav til tilsette på kort og lang sikt. Lom kommune har som mål å til ei kvar tid ha arbeidstakrar med den kompetansen som er nødvendig for å løyse kommunen sine oppgåver på ein effektiv og rasjonell måte ved å:

- ta vare på og utvikle medarbeidaren sin kompetanse
- ta vare på den nyttilsette medarbeidaren
- fokusere på rekruttering og positiv profilering

Lom kommune skal være ein lærande organisasjon som skapar gode føresetnader for medarbeidaren si læring. Vi har fokus på både interne og eksterne læringsarenaer.

Den strategiske kompetanseplanen skal evaluerast årleg, og det vert utarbeidd tiltaksplanar for kvart tenesteområde med tiltak som skal gjennomførast i løpet av året.

Tiltaka vil bli utarbeidde på bakgrunn av medarbeidarsamtalar, brukar- og medarbeidarundersøkingar, SWOT- analysar og sentrale føringar. Tiltaka blir evaluerte gjennom årsmelding. Som eitt av tiltaka i Arbeidsgjevarstrategien er ein dag for nyttilsette.

## Identitet og omdømme

Det er i Lom kommune fleire strategiske planar som syner kommunen sitt arbeid med identitet og omdømme. I Lom 2020 og Arbeidsgjevarstrategien er omdømeperspektivet lagt til grunn, og Lom kommune har som visjon å vere gjestfritt og nyskapande, med aferdskrav som løysingsorientert, offensiv og inkluderande.

Det blir kvart år gjennomført medarbeidar- og brukarundersøkingar.

## Lønspolitikk

**Lom kommune har ein lønspolitiskplan som skal vere basert på mål, motiverande, kompetanse- og karriereutviklande, synleg og basert på dialog, marknadsorientert og pådrivande for likeløn.**

Lønsfastsetjing skal vere synleg, gjennom kjende og bindande kriterium basert på dialog mellom leiar, tillitsvald og medarbeidar. Så langt som mogleg skal lønspolitikken sikre at kommunale funksjonar har eit lønsnivå som er konkurransedyktig på den regionale arbeidsmarknaden, og den skal medverke til lik løn for arbeid av same kvalitet, innsats og resultat, og med lik moglegheit for lønsutvikling uavhengig av kjønn.

Planen vart gått gjennom i 2014 utan at det vart gjort endringar.

## Livsfasepolitikk

**Som arbeidsgjevar ynskjer Lom kommune å leggje til rette for at tilsette skal trivast og yte sitt beste på arbeidsplassen sin.**

Alle går gjennom ulike fasar i livet, og kvar livsfase har ulike behov, krav, utfordringar og mogleheter. Lom

Senioravtaler i Lom kommune									
2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	
5	7	17	14	10	12	14	8	9	

commune ynskjer å ta høgde for at det som skjer undervegs i yrkeskarrieren påverkar produktivitet og kor lenge ein ynskjer å vera yrkesaktive.

Det er teke omsyn til dei ulike fasane i livet i kommunen sin livsfasepolitikk. Livsfasepolitikken vart vedteke i ADMU i desember 2015.

## Heiltidskultur, likestilling og mangfald

**Lom kommune arbeidar aktivt med å redusere bruken av deltidsstillingar og for å auke stillingsstorleiken for tilsette i deltid.**

Det er mange yrkesgrupper, og alle er like viktige for at Lom kommune skal vere den serviceverksemda vi gjerne vil vere. Det har sidan Lom kommune vedtok sin Arbeidsgjevarstrategi vorte utarbeidd ein strategisk kompetanseplan som skal vere med på å oppretthalde og auke kvaliteten på våre tenester.

Lom kommune har fleire kvinner enn menn i arbeid, og desse har både lågare

gjennomsnittleg alder og årsløn - sjå tabellen nedanfor.

Det er fleire kvinner enn menn i 100% stillingar, men menn har både høgare gjennomsnittleg stillingsstorleik og løn. Blant dei tilsette med faste deltidsstillingar er det flest kvinner, og dei høgare gjennomsnittleg stillingsstorleik enn menn.

### Tilsette i faste stillingar

Det er fleire vikarar inne i arbeid kvart år som ikkje har fast arbeidsforhold i kommunen. Det er flest kvinner, og desse har lågare gjennomsnittleg stillingsstorleik enn menn.


### Vikarar utan fast tilsetjing

Det var fleire tilsette som fekk høgda si faste stilling, og fleire som fekk fast stilling i 2016 etter lengre periodar som vikarar.

Som ein del av Arbeidsgjevarstrategien skal Lom kommune utarbeide ein likestillings- og mangfaldspolitikk. I tillegg skal det arbeidast med lokale retningslinjer for heiltidskultur. Dette arbeidet skal gjerast saman med dei tillitsvalde.

Årsverk totalt 2017	Totalt	Menn	Kvinner
Stab	4,02	20,9	1,93
Støttefunksjon	9,81	2	7,81
Service, informasjon, kultur	5,73	3,6	2,13
Loar barnehage	31,1	5	26,1
Loar skule og Lom musikk- og kulturskule	29,44	6,35	23,09
Lom ungdomsskule	21,97	6,62	15,35
MTN	23,62	13,4	10,22
Utgard	4,5	2	2,5
Bibliotek	2	0,6	1,4
Helse og velferd	15,17	2	13,17
Pleie og omsorg	81,48	2,14	79,34

Fast tilsette i full stilling	Menn	Kvinner
Antal	33	96
Kjønn	26 %	74 %
Gjennomsnittleg alder	50,72	46,64
Deltidstilsette i fast stilling		
Antal	18	115
Kjønn	14 %	86 %
Gj.snittleg stillingsstorleik fast	64,50 %	52,68 %
Gj.snittleg stillingsstorleik aktiv	57,27 %	66,56 %



Vikarar utan fast tilsetting	Menn	Kvinner
Tal på vikarar	5	31
Gjenomsnittleg stillingsstorleik	66 %	44 %
Gjennomsnittleg alder	34,6	43,1

## Tillitsvalde

**Endringar og aukande forventningar til tenester, arbeidstakrarar og arbeidsgjevar krev eit godt samarbeid mellom partane i arbeidslivet.**

Partane har ein rett og plikt til å gjere sitt beste for å skape eit godt samarbeid i kommunen. Dei tillitsvalde er representantar for dei tilsette ovanfor arbeidsgjevar.

I Lom kommune er det 12 organisasjonar som er representerte, og desse har til saman 71% frikjøpte ressursar til organisasjonsarbeidet. Både pliktar og rettigheitar til partane, og frikjøpressursar er regulert i Hovudavtala.

Organisasjonane og arbeidsgjevar har dialogmøte kvar månad, og dei tillitsvalde ha representantar i TU, AMU og ADMU. I tillegg er dei med i prosjekt og prosessar i regi av arbeidsgjevar.

# Kulturpris- og kulturstipend 2017

*Øystein Nicolaisen*

Øystein Nicolaisen mottekkulturprisen for Lom kommune 2017 for sitt langvarige engasjement for toradermusikken, og for sin store innsats som leiar av Lom toradergruppe.

*Julie Garmo*

Julie Garmo mottekkulturstipendet for Lom kommune 2017 til vidare satsing innan song og teater.

## Tore takka av



Etter ein mannsalder i skuleverket, gjekk Tore Mundal av med pensjon i 2017. Tore var rektor ved Lom ungdomsskule dei siste tretten åra. Elevar og FAU ved skulen gjorde litt ekstra stas på Tore i 2017 velfortjent etter å ha vore i skuleverket som rektor lærar eller elev i over 60 år! Lom kommune ynskjer den aktive "ny-pensjonisten" lukke til i den nye samfunnsrolla!

## 25 år i Lom kommune

I 2017 var det fleire som vart gjort stas på for lang og tru teneste i Lom kommune. Kommunen vil retta ein stor takk til Torhild Akslen, Torill Horten, Tove Dybvad, Ola Helstad og Ivar Kolden for innsatsen så langt!



## Bassenget opna att!

Bassenget i Utgard har ikkje vore i drift sidan fleir brukshallen opna. Mangelen på symjebasseng har vore utfordrande for mange, spesielt innan skulane og helsetenesta. I 2017 vart bassenget rehabilert og klart for nye år med symjing!

# #lomsfest

Lomsfest gjekk av stabelen for første gong 19. – 22. oktober 2017. I fire dagar var Lom sentrum fylt av aktivitetar og underhaldning, og tilslutninga frå både arrangørar og publikum var over all forventning. Vi ynskjer å gjere Lomsfest til eit årleg arrangement, og i 2018 vil arrangementet gå av stabelen 18. – 21. oktober.

2017  
LOMSFEST

## Programpostar under Lomsfest 2017:

- Klovnen Knut: Apestreker
- Koncert: Sigrid Undset - Ida Rønshaugen
- Drive-In-Kino "47 Meters Down"
- Digital miniutstilling med Lom knipsarlag
- Litterært kaffeslabberas på biblioteket
- Haustkveld under Lomseggen
- Ølsmaking med Lom bryggeri
- Strikkepub på BrimiBue
- Buskspel på Bergom med mange aktørar: Lom seniordans, Lomsklangen, Julie Garmo, Lom og Skjåk brass, Lom musikk- og kulturskule, Kjartan Haugen Foss
- JA til norske grønsaker
- VM i sokkeseg
- Markering av husflidsdagen

- Fletting og flettetips for barn
- Potetkanonkurs- og løp
- Buldrekonkurranse
- Bruksal av klede
- Framsyning av bunadsmonering
- Fotoutstilling / omvisning
- Vrimling i Utgard
- Riding
- Haljanturnering
- Darttunering
- Quiz med Christer Falck
- Hausstakkegudsteneste
- Bamse- og dokkesjukehus
- Sundagskafé i Glømsdalstugu
- Koncert med Hanne Sørvaag & Lars Bakke



# Nytt helsecenter i Lom!

31. august 2017 var det klart for opning av nytt helsecenter i Lom, ei god og etterlengta oppgradering!



# KOSTRA

KOmmune-STat-RApportering

## Befolkningsprofil

	Lom 2016	Lom 2017	Vågå 2017	Skjæk 2017	Kostra- gruppe 03 2017	Landet utan Oslo 2017
Innbyggere (antall)	2360	<b>2331</b>	3638	2179	120418	4622151
Fødte per 1000 innbyggere (per 1000)	12,3	<b>4,7</b>	8,5	8,3	9	10,2
Døde per 1000 innbyggere (per 1000)	9,3	<b>11,6</b>	17	12,4	10,4	8
Netto innflytting (antall)	5	<b>--13</b>	29	--14	--294	20232
Andel skilte og separerte 16-66 år (prosent)	7,9	<b>8,2</b>	9	9,6	9,6	10,7
Andel enslige innbyggere 80 år og over (prosent)	71,1	<b>70,9</b>	64,6	60,4	64,9	62,7
Registrerte arbeidsledige i % av befolkningen i alderen 15-74 år	0,9	<b>0,8</b>	1,2	1,1	1,4	1,6
Andel innvandrerbefolking (prosent)	6,8	<b>7,4</b>	6,2	6,7	11,9	15

Komplette tal og forklaringar frå KOSTRA-rapporteringa finn du på [ssb.no](http://ssb.no)



**Statistisk sentralbyrå**  
Statistics Norway

# KOSTRA

KOmmune-STat-RApportering



# Økonomisk oversyn

## Frie inntekter

### Generelt

Overføringane frå Staten gjennom rammetilskot og skatteinntekt utgjer dei frie inntektene. Dei frie inntektene omfattar og egedomsskatt, inntekt frå sal av konsesjonskraft og utbytte. Kommunen har og tilskot frå busetting av flyktningar. Den nominelle veksten i overføringane frå staten frå 2016 til 2017 vart 4,1 %, kr 3 534 000. Konsumprisindeksen viser ei prisauke i 2017 på 1,7 %. Samla auke i løn og sosiale utgifter for kommunen vart 3,5 %, kr. 5 380 000.

### Skatt

Lom kommune er ei minsteinntektskommune. Ca 90 % av differansen mellom eige skatteinngang og


gjennomsnittet for landet, blir overført frå dei skattemoderne kommunane til dei skattesvake gjennom inntektsutjamning. Lom kommune fekk ei inntektsutjamning i 2017 på kr. 13 315 000. Vi fekk ei meirinntekt på inntektsutjamning på kr 3 678 000. Skatteinntektene vart på kr 50 569 000 og naturressursskatten vart på kr. 2 148 000, samla kr. 52 717 000, justert budsjett var kr. 54 415 000, eit negativt avvik i forhold til justert budsjett på kr. 1 698 000. Avviket på skatt må ein sjå opp i mot inntektsutjamningsposten.

«Statlege rammeoverføringer», «Inntektsutjamningstilskot» og «skjønnstilskot». Samla viser denne posten ei inntekt på kr. 89 493 000. Justert budsjett viser kr. 86 184 000. Skjønnstilskotet hadde ikkje avvik i forhold til justert budsjett. Inntektsutjamning er det vist til i avsnittet over, da dette må sjåast saman med skatteinngangen. Posten statlege rammeoverføringer hadde ei inntekt på kr. 74 978 000, mot justert budsjett på kr. 75 347 000, eit negativt avvik på kr. 369 000.

### Rammetilskot

Posten rammetilskot på s. 21 er ein samlepost for

## Regnskap 2017



	Budsjett 2017	Budsjett(end) 2017	Regnskap 2017	Avvik
Skatt på inntekt og formue	50 569 119	52 267 567	51 745 000	1 698 449
Egedomsskatt verker og bruk	3 235 287	3 275 000	3 275 000	39 713
Egedomsskatt-annen fast eide dom	1 788 033	1 750 000	1 750 000	-38 033
Naturressursskatt	2 148 290	2 147 433	0	-857
Statleg rammeoverføring	74 978 011	75 347 000	75 347 000	368 989
Inntektsutjamningstilskot	13 314 807	9 637 000	12 307 000	-3 677 807
Skjønnstilskot	1 200 000	1 200 000	1 200 000	0
<b>Sum rammeoverføring og skatteinngang</b>	<b>147 233 546</b>	<b>145 624 000</b>	<b>145 624 000</b>	<b>-1 609 546</b>

# Hovudtal frå tenesteområda

Tenesteområde	Regnskap 2 013	Regnskap 2 014	Regnskap 2 015	Regnskap 2 016	Regnskap 2 017	Buds(end) 2 017	Avvik i kr <sup>1</sup>	Avvik i %
Støttefunksjon	-128993473	-131869788	-125209160	-134054372	-139670370	-139541776	-128594	0,1 %
Loar skule	14457275	16291934	17887731	17313096	17906664	17173985	732679	4,3 %
Lom ungdomsskule	9575512	10791755	11969135	11729840	11202528	11422850	-220322	-1,9 %
Garmo oppvekstsenter	6312296	7047180	2596456	0	0	0	0	0,0 %
Barnehage	9156390	9027249	12122342	13988168	15381914	16245500	-863586	-5,3 %
Miljø, teknisk, landbruk kultur	9859653	9695172	8976051	11301498	13953564	12969991	983573	7,6 %
Utgard	-4995	489804	727370	1715815	1513598	1004066	509532	50,7 %
Lom folkebibliotek	0	0	0	1181272	1379482	1265200	114282	9,0 %
Helse og velferd	17038312	18004328	14517282	11592597	13290161	13311029	-20868	-0,2 %
Institusjonsbasert omsorg	29561041	30619863	29942548	54820260	54162420	55591200	-1428780	-2,6 %
Heimebasert omsorg	21706529	23694162	23089544	0	0	0	0	0,0 %
Adm.stab	11331460	6208341	3380701	2372505	2279876	2315431	-35555	-1,5 %
Servicetorg, kultur og informasjon	0	0	0	8039321	8600163	8242524	357639	4,3 %

## Rekneskap – kommetarar til avvik

### Generelt

Avvika til dei enkelte i postane i driftsrekneskapen er ei samling av mange konti i rekneskapen. Mange postar har mindre avvik. I dette avsnittet vil vi kommentere dei vesentlege avvika.

### Inntekter

Driftsinntektene er samla kr 9 218 000 betre enn budsjettet.

### Brukarketalingar

Avviket skuldast auka inntekt frå langtidsopphold på institusjon og eigedel legetenester med kr 544 000.

### Andre sals og leieinntekter

Under denne posten er det berre uvesentlege avvik i forhold til budsjettet.

### Overføringer med krav til mottying

Denne posten har eit samla positivt avvik på kr. 6 273 000. Det er motteke ca. kr. 540 000 som øyremerka middel til tidleg innsats ved Loar skule. Kr. 280 000 som refusjon for vikarutgifter på grunn av pålagt utdanningsløp ved skulane. Samla avvik på refusjon får staten er 1 913 000. Enkelposter med avvik er refusjon sjukeløn og fødselsspengar med kr. 2 417 000 som ein må sjå saman med lønsutgifter. Momsrefusjon har eit positivt avvik med kr. 826 000, dette må sjåast saman med tilsvarende utgiftspost.

### Andre statlege overføringer

Vi har ei meirinntekt frå integreringstilskot med kr. 415 000. Tilskot til

vaksenopplæring i norsk og samfunnsfag har ei mindreinntekt på kr. 492 000. Det siste må sjåast saman med tilsvarende utgifter.

### Anna

Det blir elles vist til punktet om «frie inntekter».

### Utgifter og kostnader

Avvika på utgiftssida må ein i vesentleg grad sjå opp i mot avvika på inntektssida. Samla inntekter har ei meirinntekt på kr. 9 217 000 i forhold til justert budsjett. I forhold til førra året er meirinntekta på kr. 2 681 000. Samla meirforbruk på utgiftssida, i forhold til justert budsjett, er på kr. 9 992 000, medan det er eit meirforbruk i forhold til rekneskapen for 2016 på kr. 8 016 000.

Lønsutgiftene har auka med 1,2 % i forhold til 2016. Dette er under ordinær løns- og prisvekst, og er eit resultat av redusert tal på tilsette totalt sett. Lønsutgiftene er kr 1 984 000 høgare enn budsjettet. Dette må ein sjå saman med refusjons av sjukeløn som er kr 2 400 000 høgare enn budsjett. Sosiale utgifter har eit positivt avvik på kr 107 000 i forhold til budsjettet. Ser vi dei sosiale utgiftene i forhold til 2016, så er disse kr. 3 800 000 meir i 2017. Dette avviket skuldast pensjonskostnader til KLP.

«Kjøp av varer og tenester som går inn i tenesteproduksjonen» har eit avvik på

kr 2 865 000. Av vesentlege avvik under denne posten har vi:

- Energiutgifter kr. 550 000 i negativt avvik.
- Diverse serviceavtaler og vedlikehald på bygg og maskiner kr 871 000.
- «Kjøp av tenester som erstattar tenesteproduksjon» har eit overforbruk på kr 2 129 000. Dei vesentlege avvika under denne posten kjem frå:
- Kjøp av tenester frå andre, har eit overforbruk på kr. 1 262 000, men dette må sjåast opp i mot positive avvik på andre poster i budsjettet.  
«Overføringer» har eit avvik på kr 1 832 000.
- Momskompensasjon, som kjem under denne posten har eit meirforbruk på kr. 792 000. Denne posten har ei tilsvarende meirinntekt. Postane for momskompensasjon har ein utgiftspost som til kvar tid er lik inntektsposten.

### Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat er negativt. I 2016 var brutto driftsresultat positivt med kr. 786 000. Denne resultatposten syner resultatet av drifta før finansposten. Brutto driftsresultat er kr. - 4 546 000, mot justert budsjett på kr - 3 772 000.

### Mindreforbruk/meirinntekter

Rekneskapen syner totalt eit mindreforbruk på kr 167 920. Dette er eit avvik på 0,07 % i forhold til driftsinntektene.



## Under kapittel "Årsoppgjør 2017" på s. 54 finn du

- Driftsrekneskapen
- Rekneskapsskjema 1A og 1B
- Balanse
- Økonomisk oversikt - investering
- Rekneskapsskjema 2A og 2B
- Anskaffelse og anvendelse av midler

Ei oppstilling av rekneskapen for 2017 mot 2016 syner denne utviklinga:

	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016	Endring
<b>Driftsinntekter</b>			
Brukerbetalingar	10 223 271	10 011 952	-211 319
Andre salgs- og leieinntekter	32 186 065	28 772 587	-3 413 478
Overføringer med krav til motytelse	27 407 375	30 175 828	2 768 453
Rammetilskudd	89 492 818	85 958 931	-3 533 887
Andre statlige overføringer	16 847 774	19 124 437	2 276 663
Andre overføringer	278 823	593 277	314 454
Skatt på inntekt og formue	50 569 119	48 621 335	-1 947 784
Eiendomsskatt	5 023 320	6 470 778	1 447 458
Andre direkte og indirekte skatter	7 639 494	7 257 763	-381 731
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>239 668 059</b>	<b>236 986 888</b>	<b>-2 681 172</b>
<b>Driftsutgifter</b>			
Lønnsutgifter	133 385 035	131 798 326	-1 586 709
Sosiale utgifter	26 940 410	23 146 604	-3 793 806
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	29 517 402	32 080 881	2 563 479
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	23 010 320	22 797 869	-212 452
Overføringer	18 072 793	19 141 403	1 068 610
Avskrivninger	13 288 030	12 643 138	-644 892
Fordelte utgifter	0	-5 407 782	-5 407 782
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>244 213 991</b>	<b>236 200 438</b>	<b>-8 013 553</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-4 545 932</b>	<b>786 449</b>	<b>5 332 381</b>
<b>Finansinntekter</b>			
Renteinntekter og utbytte	5 735 202	9 223 325	3 488 123
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	48 804	44 824	-3 980
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>5 784 006</b>	<b>9 268 149</b>	<b>3 484 143</b>
<b>Finansutgifter</b>			
Renteutgifter og låneomkostninger	4 042 131	3 701 322	-340 810
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0
Avdrag på lån	7 760 514	6 825 105	-935 409
Utlån	127 560	34 200	-93 360
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>11 930 206</b>	<b>10 560 627</b>	<b>-1 369 579</b>
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-6 146 199	-1 292 478	4 853 722
Motpost avskrivninger	13 288 030	12 643 138	-644 892
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>2 595 899</b>	<b>12 137 110</b>	<b>9 541 211</b>

## Kraftrelaterte inntekter:

Konsesjonskraft m.m.

Årsrekneskapen for 2017 viser kor viktig samla inntekter kommunen har som følgje av erstatningar og kompensasjonar frå kraftutbygging og kraftproduksjon. Samla sett viser inntekter frå utbytte, konsesjonsavgifter, konsesjonskraft,


eigedomsskatt frå verker og bruk og bruk knytt til kraftproduksjon og naturressursskatt kr. 21 808 000.

I tillegg kjem renteavkastning av fond som er oppretta som følgje av erstatningar og utbyggingsavtaler. Desse inntektene er viktige for god teneste- og velferdsproduksjon i kommunen. Det er

særdeles viktig å følgje opp desse rettane og inntektene i åra som kjem. Dette gjeld både ved å syte for at eigenkompetanse er til stades i kommunen, og at forståing for grunnlaget for inntekter er tilstrekkeleg. Det er ikkje minst viktig å ivareta dette området interessepolitisk for distriktskommunane.


## Kraftrelaterte inntekter

Rekneskapsår:	2013	2014	2015	2016	2017
Konsesjonskraft	12487104	10299724	7787588	8191618	8356987
Konsesjonsavgift	4161637	4479773	4306214	4365071	4746347
Eidefoss-avtale Smådøla	0	0	408611	772200	744857
Naturressursskatt	2165471	2187900	2214916	2120492	2148290
Aksjeutbytte	8329200	6988800	6628200	6075000	2574000
Eigedomsskatt kraftverk	3399040	3450548	4205397	4726338	3235287
Sum kraftrelaterte inntekter	30544465	27408759	25552941	26252735	21807785



## Netto resultat konsesjonskraft

2014	5 008 904
2015	3 688 793
2016	3 112 420
2017	4 670 849



# Handlingsregelen

I kommunestyretmøte den 29.10.2015 i sak 61/2015 vedtok Lom kommunestyret ein handlingsregel for god økonomisk styring.

## Handlingsregelen har desse målsetjingane:

- Mål om korrigert netto driftsresultat: 2 % av driftsinntektene.
- Mål om storleiken på disposisjonsfondet: 10 % av driftsinntektene.
- Mål om netto lånegjeld: skal ikkje vera over 65 % av driftsinntektene.

### Netto driftsresultat:

Netto driftsresultat syner kva som kan nyttast til avsettingar og bidrag til finansiering av investeringar etter at renter og avdrag er betalt. For å sikre ei forsvarleg formueforvaltning er det frå sentral styremakter tilrådd å ha eit netto driftsresultat på minimum 1,75% av driftsinntektene. Dette måltalet må vurderast ut i frå kva som er dei lokale behov til investering og utviklingstiltak. For å halde eit stabilt godt investeringsnivå utan reell auke i gjeld, er det naudsynt at netto driftsresultat i % av driftsinntektene held seg på eit høgt nivå. For Lom bør dette talet vera minst 2%. 2 % er i samsvar med vedteken økonomisk handlingsregel. Lom kommune har eit stort investeringsbehov. Ein bør halde eigenkapitalfinansiering på investeringar på ca. 40 %. Dei fleste investeringsprosjekta har ein finansiert 100 % med lån.




Netto driftsresultat for 2017 er kr 2 596 000. Justerer vi netto driftsresultat for premieavviket og netto bruk av bundne fond, får vi eit justert netto driftsresultat som er kr 4 436 000. Det justerte netto driftsresultat blir 1,9 % av driftsinntektene.

Handlingsregel	2017	2016	Handlingsregel	Avvik
<b>Driftsinntekter</b>	<b>239 668 059</b>	<b>236 200 000</b>	<b>236 200 000</b>	
Justert netto driftsresultat	4 436 095	11 592 000	4 724 000	<b>287 905</b>
Justert netto drift i % av driftsinntekter	1,9 %	4,9 %	2,0 %	
<b>Disposisjonsfond</b>	<b>24 190 198</b>	<b>18 206 000</b>	<b>23 620 000</b>	<b>570 198</b>
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	10 %	8 %	10 %	
<b>Netto lånegjeld</b>	<b>231 201 723</b>	<b>219 450 000</b>	<b>153 530 000</b>	<b>77 671 723</b>
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	96 %	93 %	65 %	

Raude beløp = negativt avvik, grøne tal = positive avvik

### Netto Lånegjeld


<b>SUM langsigkt gjeld</b>	<b>231 201 723</b>
Sjølvkost:	
• Renovasjon	2 399 000
• Avløp	31 490 000
• Vatn	11 020 000
Sum gjeld til sjølvkostområdet	44 909 000 -44 909 000
Startlån	-17 593 382
<b>Netto lånegjeld</b>	<b>168 699 341</b>



## Netto driftsresultat

	2013*)	2014	2015	2016	2017
Netto driftsresultat	14334528	2288486	5449375	12595526	2596000
Netto driftsresultat justert	23737232	2785608	-704742	11591961	4436000
Justert netto driftsresultat i % av driftsinntekter	10,20 %	-1,30 %	-0,30 %	4,90 %	1,9 %

\*) For 2013 var momskompensasjon frå investeringar ført som inntekt i driftsrekneskapen, noko som er årsaken til det spesielt høge driftsresultatet disse åra. Rekneskapsreglane er endra frå 2014.



Figuren syner utvikling i netto driftsresultat. Frå 2014 er ikkje momskompensasjon på investeringar ført som driftsinntekt, og dermed får vi ein reduksjon i netto driftsresultat av den grunn og.

Vi manglar kr. 288 000 i justert netto driftsresultat på å nå målsetting om 2 % av driftsinntektene. I årsmeldinga for 2016 skrev vi at, presset på netto driftsresultat vil vera stort i 2017, noko resultatet for 2017 viser. Det er behov for store investeringar. Kravet til justert netto driftsresultat må sjåast saman med investeringsbehova, og det faktum at vi har eit lågt rentenivå. Frå fleire fagmiljø innan økonomi er det varsle høgare rente i nær framtid, sjølv om SSB i skrivande stund har justert ned prognosene for utvikling i den norske økonomien. Med gjeld utover det nivået vi har i dag, og ei høgare rente, vil det bli større utfordringar med å greie 2,0 % justert netto driftsresultat.

### Lånegjeld:

Vi har hatt ei motvekt i styring av renterisikoen ved at

låneportefølgja sett opp i mot likvide middel med avkastning i form av renteinntekter har vore på omrent same nivå. Ved auka gjeld vil vi få ein større renterisiko. Investeringar bør finansierast med 40 % eigekapital. Netto lånegjeld (langsiktig gjeld redusert med sjølvfinansierende gjeld, som lån til sjølvkostområdet og startlån) har eit negativt avvik i forhold til målsettinga med kr. 15 169 000. Total gjeld (som handlingsregelen bygger på) har eit avvik i forhold til handlingsregelen på kr. 77 672 000.

### Disposisjonsfondet:

Disposisjonsfondet, etter resultat for 2016, ligg litt over kravet med kr. 570 000.

## **Investeringsrekneskapen – kommentar til vesentlege avvik**

### **Generelt:**

Det er budsjettet med eit samla investeringsbudsjett for 2017 på kr. 69 000 000. Det er gjennomført investeringsprosjekt for kr.

43 846 000. Dette er eit stort avvik i forhold til kva som var vedteke av investeringar i 2017. Det er fleire årsakar til dette avviket. Eit stort investeringsprosjekt som var vedteke, var bygging ny avdeling ved Lom helseheim og nye omsorgsbustader. Etter møte med Husbanken vart

prosjektet planlagt med tilskot frå dei, men seinare i prosessen kom det fram at ein ikkje fekk tilskot på det nivået ein hadde planlagt. Utgiftsbehovet vart for høgt bl.a. av denne grunn, og ein er nå i gang med nye skisser for å få investeringsbehovet ned på eit nivå som kommunen kan akseptere. Arbeidet med å ta ned investeringsbehovet, har gjort at prosjektet har drege ut i tid. Disse prosjekta hadde eit investerings-budsjett på kr. 24 394 000. Av budsjettet er det brukt kr. 1 164 000. Det er dette investeringsprosjektet som står for det vesentlege avviket i


investeringsrekneskapen, der årsaken er ei anna framdrift enn opphavleg planlagt.

### **Nytt helsecenter:**

Det blir vist til avsnittet om nytt helsecenter på side 65 i årsmeldinga.

### **Rehabilitering av symjebasseng:**

Overforbruket vart på kr. 548 756 Integrering av SD anlegg, styreskap bassengteknisk og meir arbeid grunna utfordringar etter førre byggetrinn er hovudpostane på overforbruket.



### **Anleggsmidlar**

Anleggsmidlar syner dei rekneskapsførde verdiar av eigedomar, drifts-midlar, pensjonsmidlar, utlån og aksjar med meir. Total bokførd verdi av anleggsmidlar ved utgangen av 2017 var kr 747 307 720.


Anleggsmidlar har auka med kr 38 996 000 frå 2016 til 2017. Omlag kr 17 134 000 av denne auka skuldast pensjonsmidlar. Den bokførde verdien av pensjonsmidlar er kr 284 813 000.

### **Omløpsmidlar**

Omløpsmidlar er dei bokførde verdiane av kasse, bank, kundefordringar m.m., og er eit tal i vurdering av likviditeten. Omløpsmidlar er redusert med kr 33 568 000 frå 2016 til 2017. Bankinnskot er redusert med kr 27 043 000. Det har vore ei målsetting å redusere ubrukete lånemiddel. Ubrukte lånemiddel er redusert med kr. 27 246 000. Det er ikkje teke opp nye lån i 2017, dermed får ein reduksjon i inneståande på rentebærande konto i bank. For å vurdere likviditteten bør ein ta ubrukete lånemiddel med i vurderingane.

Likviditeten til Lom kommune er tilfredstillande.

Ser ein på kortsiktig gjeld (skal betalast innan 1 år) opp mot omløpsmiddel (kasse, bank, kundefordringar), så har vi i 2017 eit forholdstal = Omløpsmiddel dividert på kortsiktig gjeld (fråtrekt ubrukete lånemiddel) på 2,7 mot 2,6 i 2016. Dette vil seie at vi har likvider til å betale den kortsiktige gjelda 2,7 gonger, noko som er ein tilfredstillande likviditet.



### Kortsiktig gjeld

For Lom kommune består kortsiktig gjeld av gjeld til leverandørar, arbeidsgjevaravgift, skuldig meiverdigavgift, skattetrekk m.m. Denne gjelda har ein reduksjon med kr 5 866 000. Pr 31.12.2017 var denne gjelda på kr 45 434 946.


### Langsiktig gjeld

Langsiktig gjeld består av lånegjeld og pensjonsforpliktingar. Rekneskapsført langsiktig gjeld pr. 31.12.2017 var kr 572 754 398 mot kr 572 307 000 ved utgangen av 2016. Dette er ei auke på kr 447 000. Låneopptak blir gjort etter vedtak i kommunestyret. Det er vedtak på opptak av lån til investeringar i 2017, men det har samtidig vore eit mål å redusere ubrukte lånemiddel. Det har

derfor ikkje vore teke opp lån i 2017. Pensjonsforpliktingar er ein del av den langtidskjede gjelda, og er bokført med kr. 341 553 000.


Pensjonsforpliktingane har ei auke på kr 9 586 000 frå 2016. Lån til investeringar var bokførde med kr 213 609 000. Lånegjeld etter fråtrekk av lån som er sjølvfinansierande er kr. 168 700 000.

## Lånegjeld



## Eigenkapital

Eigenkapitalen syner kor mykje av kommunen sine eigedelar som er finansiert med eigne middel. Eigenkapitalen har hatt nedgang dei siste åra. Dei siste åra har lite frå drifta vorte tilført eigenkapital/disposisjonsfond med unnatak av mindreforbruket i 2016. Ved årsskifte 2015/2016 får vi derfor ein oppgang i eigenkapitalen. Ved investeringar bør ein nyte ca. 40 % eigenkapital og dermed maksimalt ca. 60 % langsiktig gjeld. Eigenkapitalen var ved utgangen av 2016 på kr 235 343 000, og ved utgangen av 2017 var denne på kr 246 189 000, ei auke på kr. 10 846 000.



## Finansrapport - føremålet med finansforvaltninga

### Overordna mål

Finansforvaltninga har som overordna føremål å sikre stor grad av forutsigbarhet for Lom kommune sin finanzielle stilling. Finansforvaltninga skal gje ei rimelig avkastning, utan å ta vesentleg finansiell risiko.

### Delmål

Kommunen skal til kvar tid ha likviditet til å dekkje dei forpliktingar som kommunen har. Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning. Dette skal gjerast innanfor definerte krav til likviditet og risiko. Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad. Vurdering av dette skal skje innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko. Det skal takast omsyn til at det er behov for å ha forutsigbare lånekostnader. Forvaltning av eventuelle langsiktige finanzielle aktiva, utanom middel berekna til å dekke daglege fordringar til driftsføremål, skal skje etter same overordna forsiktige prinsipp som for annan likviditet.

### Ledig likviditet og midlar for driftsføremål

Kommunen sine midlar til driftsføremål (og ledig likviditet) kan plasserast i bankinnskot, pengemarknadsfond og renteberande verdipapir med kort løpetid. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner (NOK). Driftslikviditet til kommunen skal plasserast i kommunen sin hovudbank.

I tillegg kan det gjerast innskot i andre spare- eller forretningsbankar. Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekkje dei forpliktingar som kommunen har. Kommunen sine likvider er plasserte i bankinnskot. Noko av likvidane er plasserte i rentebinding med tre månaders oppseiningstid. Gjennomsnittleg inneståande på denne avtala er ca. kr 55 000 000. Likvider elles er plasserte

til flytande rente, og er til ei kvar tid disponible midlar.

### Gjeldsportefølje og andre finansieringsavtaler

Sum lånebehov for 2017 etter kommunestyret sitt budsjettvedtak var kr 25 933 000. I tillegg er det vedtak om kr 1 000 000 som forvaltningslån for vidareutlån. Låneopptak blir vurdert opp mot investeringane og framdrift på disse. For å redusere ubrukte lånemiddel, er det ikkje teke opp lån til investeringar i 2017. Ubrukte lånemiddel er dermed redusert frå kr. 29 412 000 til kr. 2 167 000. Ved utgangen av året hadde vi denne fordelinga mellom lån med flytande rente og fast rente:

- Fastrentelån: 47,0 %
- Flytande rente: 53,0 %

Finansreglementet seier at fordelinga på lånealternativa skal ha minimum 1/3 av låna skal vera lån til fastrente og minimum 1/3 av låna skal vera lån til flytande rente. Etter dette blir det vurdert til at fordeling av låna er innanfor reglementet sine krav. Eitt av delmåla i finansreglementet:

*«Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad. Vurdering av dette skal skje innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko. Det skal takast omsyn til at det er behov for å ha forutsigbare lånekostnader.»*

Ein del av lånegjelda, kr. 44 909 000 er lån til investeringar innan VAR- området.

Her er renta sikra ved at rentekostnaden blir kalkulert inn i dei kommunale gebryra, etter reglar for fastsetting av gebyr. Forvaltningslån utgjer kr 17 593 000. Disse låna er i det meste lånt ut vidare. Der renta er sikra ved auka renteinntekt med ein margin på 0,25%.

### Kommunen sine langsiktige finanzielle aktiva

#### Føremål

Forvaltning av Lom kommune sine langsiktige finanzielle aktiva har som føremål å sikre ei langsiktig avkastning som kan vera med på å gje innbyggjarane i Lom eit godt tenestertilbod. Det skal styrast etter ein rullerande investeringshorisont på 5 år, samtidig som ein forsøker å få ei rimeleg årleg bokført avkasting.

### Dagens situasjon

Lom kommune har lån til AS Eidefoss, der kommunestyret tidlegare har vurdert at kommunen, saman med dei andre eigarkommunane kvar kan yte eit ansvarleg lån til selskapet med kr 30 mill. I tillegg har Lom kommune aksjar og eigedelar i andre selskap som vist i oppstilling til høgre. Aksjar og andre eigedelar er å sjå på som langsiktige og samfunnsmessige investeringar.

### Nykkeltal pr. 31.12.16

### 01.01.– 31.12.17

Renteinntekter og aksjeutbytte	5 784 000
Avkastning i %	4,8 %
Langsiktig gjeld utanom pensjonsforpliktingar	231 202 000
Effektiv lånerente	1,7 %
Aksjar og utlån	34 878 000



# Støttefunksjonen

## Kva gjer støttefunksjonen?

Støttefunksjonen skal yte service overfor dei andre resultatområda i kommunen. På denne måten får dei andre resultatområda hatt fokus på sine primæroppgåver. Støttefunksjonen har og oppgåver som er retta mot innbyggjarane i kommunen.

**Støttefunksjonen har hatt ansvaret for disse oppgåvene:**

- IT/IKT
- Personalavdeling/HMT
- Økonomi
- Innkjøp
- Løn

## Kva skjedde i 2017?

**Disse oppgåvene er digitalisert:**

- Digitalisere av permisjonssknader, registrering av sjukemeldingar, eigemeldingar og timelister for dei som er inne som vikarar og er timelønna er på det meste fullført.
- NETS – integrasjon, henting av filer fra banksystemet.
- Teke i bruk Vipps på fleire salsstader
- Fokus på å få fleire over på e-faktura

- Nytt og forenkla system for import av bankfiler er teke i bruk.
- Elektronisk levering av momskompensasjons- og meirverdigavgiftsoppgåver.
- Elektroniske kasser med integrert bankterminal etablert på fleire sals – stader.
- Lånemodul, digital behandling av inn- og utlån

## Kalde fakta

	Budsjett 2017	Regnskap 2017	Avvik
--	------------------	------------------	-------

Lønsutgifter	3 395 900	4 484 994	1 089 094
Kjøp av varer og tenester	1 199 199	1 091 017	-108 182
Kjøp av tenester frå andre	4 287 000	4 518 055	231 055
Overføringer	6 398 170	4 790 306	-1 607 864
Finansutgifter/transaksjonar	26 900 360	27 078 240	177 880
Salsinntekter	-12 835 152	-12 297 917	537 235
Refusjonar	-2 057 050	-1 759 011	298 039
Overføringer	-152 491 000	-153 994 459	-1 503 459
Finansinntekter/transaksjonar	-14 329 003	-13 603 757	725 246
<b>Sum Støttefunksjonen</b>	<b>-139 531 576</b>	<b>-139 692 532</b>	<b>-160 956</b>

Avviket på lønsutgifter kjem i det meste frå premieavvik pensjon KLP. Mindreinntekt på salsinntekter kjem frå mindre inntekt av husleige.

Posten overføringer har ei meirinntekt på kr. 1 503 000. Dette kjem av meirinntekt av inntektsutjamning med kr. 3 700 000, samt mindre inntekt på skatteinngangen med kr. 1 700 000, samt fleire andre poster med mindre avvik i forhold til det justerte budsjettet.

## Mål for framtida

**Vi vil ha fokus på desse prosessane:**

- Vidareutvikle arbeidet med eHandel
- Vidareutvikle HMT – arbeidet i organisasjonen

- Arbeide vidare med automatisering av økonomiarbeidet
- Arbeide med automatisering av løns- og personalarbeidet

Statistikk Servicetorg, Informasjon, Kultur	2016	2017
Besökande i Utgard(konsert, foredrag, konferansar	6 777	7 110
Telefonsamtalar til sentralbordet Lom kommune	7 708	9 384
Brev sendt med SvarUt		1 828
Journalførte utgåande brev		2 463
Journalførte inngående brev		3 680
Brukantar som såg innhald på Facebooksida til kommunen	943 437	657 614
Sidevisningar lom.kommune.no	215 489	220 000
Filmavspelingar Facebooksida til kommunen	118 423	148 800
Kinobillettar selde i utgård	1 391	



## Kva gjer SIK?

Dette relativt nyopprettet tenesteområdet omfattar Servicetorget, Lom folkebibliotek, Utgard, andre kulturtenester og informasjon.

### Servicetorget

Servicetorget har ansvar for publikumskontakt over skranke, sentralbord, politisk sekretariat, post og arkiv, i tillegg til ei rekke andre oppgåver.

### Utgard

I Utgard er det stor aktivitet heile året. I kultursalen kan publikum oppleve eit brent spekter av arrangement. I tillegg til lokale aktørar som Lomsrussen, kulturskulen og Spel- og dansarlaget, har regionale aktørar som Bygdakinoen og Teater innlandet jamlege framsyningar. Idrettshallen

blir hovudsakleg brukt av fotballgruppa i Lom IL, Lom innebandyklubb samt elevar frå Loar barneskule, Lom ungdomsskule og Nord-Gudbrandsdal vgs. avd. Lom.

*Lom folkebibliotek - sjå eigne sider*

### Informasjon

Drift av nettstaden til kommunen, intranett og kvalitetssystem for tilsette. Sideombrekking av publikasjonar - til dømes: årsmelding, budsjett dokument, tertialrapportar, Lomsnytt/Kyrkjeblad for Lom, diverse reglement og prosedyrer, plakatar, informasjonsmateriell, med meir. Administrering og innhaltsproduksjon for kommunen si side på facebook: lydproduksjon, bilde- og videoproduksjon

## Kva skjedde i 2017?

- I 2017 feira vi at Ivar Kolden har vore «postmeister» i Lom kommune i 25 år. På desse åra har han bore 21 tonn post på postruta si, og gått ei lengde som tilsvavar avstanden frå Lom til Kongo. For den bragda fekk han overrekt gullklokke under julekaffen på Midtgard
- Frå desember 2017 fekk servicetorget ny leiar. Trond Byre-Haakensen kom frå ei stilling som rådgjevar, og skal i tillegg til leifarfunksjonen på servicetorget vere koordinator for kultur og idrett, og ha eit overordna ansvar for digitaliseringa i kommunen.
- I 2017 fekk kommunen ei ny kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Ei arbeidsgruppe beståande av representantar frå idrettsråd, idrettslag, friluftsorganisasjonar og kommunetilsette arbeidde heile året med planen. Planen vart diskutert på ei dialogkonferanse med politikarane, og på eit ope møte for alle interesserte. Hovudmålet med planen er å bidra til at Lom blir eit aktivt og inkluderande lokalsamfunn, der kommunen arbeidar saman med lag og foreiningar om å nå felles mål.
- Lomsfest gjekk av stabelen for fyrste gong 19. – 22. oktober 2017. I fire dagar var Lom sentrum fylt av

aktivitetar og underhaldning, og tilslutninga frå både arrangørar og publikum var over all forventning. Vi ynskjer å gjere Lomsfest til eit årleg arrangement, og i 2018 vil arrangementet gå av stabelen 18. – 21. oktober.

- Svømmehallen i Utgard vart nyopna med brask og bram 21. april 2017. Dermed vart punktum sett for ei lang prosess med rehabilitering av svømmehallen, etter at Utgard vart bygd. Endeleg kan skuleungane i Lom få den svømmeundervisninga dei har krav på.
- Sølvguttene var på besøk i Utgard 30. november, og sang jula inn for ca. 400 publikum. Konserten blei ei fin inngang til adventstida, og markerte starten på handles- og aktivitetshelga Jul i Lom 30.11. – 3.12.
- Mot slutten av året sette servicetorg og informasjon i gang arbeidet med å forma ein ny nettstad for kommunen. Resultatet vart klart i romjula, og blir arbeidd med kontinuerleg framover. Med den nye nettstaden er det som møter dei besökande i mykke større grad likt for dei seks kommunane i det regionale samarbeidet 6K, noko som kommunen ser på som føremålstenleg på mange måtar.

## Mål for framtida

Prognosane for framtida viser at budsjetta til kommunen ikkje vil auke, og at vi i større grad må konsentrere seg om lovpålagde oppgåver. I ei slik situasjon blir det stadig viktigare å ha ei sterk friviljug sektor som kommunen kan samarbeide med om å løyse viktige oppgåver innan

folkehelse, eldreomsorg og integrering.

Lom kommune har ambisiøse mål når det gjeld å utvikle nye digitale tenester. Kommunen har som mål å kunne tilby innbyggjarar og næringsliv et reelt digitalt fyrsteval innan 2020.

# Kva gjer Lom folkebibliotek?

Lom folkebibliotek stiller bøker og andre publikasjoner og medium til disposisjon for lånarane og driv utlån og aktiv formidling. Biblioteket tilbyr arrangement og kulturopplevingar som passar for ulike aldrar og interesser. Biblioteket skal skape trivsel slik at det er ein god stad å vera. Bibliotekgjestane skal kjenne seg verdsette og velkomne.

Lom folkebibliotek driv bibliotekutvikling. Dette skjer blant anna gjennom prosjekt som biblioteket deltek i. I 2017 mottok biblioteket 50 000 frå Stiftelsen Fritt ord til prosjektet «Klar ein klassikar». I dette prosjektet samarbeider vi med fire av Norges fremste litteraturkritikarar om å kåre dei 25 bøkene frå 2013-2017 som har størst potensiale til å bli klassikarar i framtida.



Målsetjinga til Lom folkebibliotek er å tilby og gjera kjend gjennom aktiv formidling det mangfaldet som finst innan litteratur, hjelpe brukarane å finne den litteraturen dei etterspør eller som kan passe den einskilde lånaren. Målet er å ligge på topp i Oppland når det gjeld utlån per innbyggjar og vera blant dei beste i fylket når det gjeld bibliotekbesøk. Det er også ei målsetting å halde oppe den høge aktiviteten biblioteket har drive.

Vi ynskjer at tilboda og tenestene som biblioteket tilbyr skal vera eller bli relevante for flest mogleg av innbyggjarane i kommunen. Biblioteket skal inspirere til lesing og læring.

## Kva skjedde i 2017?

- Ordførartreff fyrste laurdag kvar månad
- Digital formidling: Bloggane To vise kvinner, Det leste i livet, ord om fjell, heimeside, facebookside, Twitter og Instagram kvar veke
- Språkkafé
- Klassebesøk frå skulane kvar veke gjennom i skuleåret
- Leseprosjekt over fem veker for 3. klasse
- Vinterles, lesekampanje for vaksne
- Sommarles for ungjar i sommarferien
- Innlegg om lesing og bøker på foreldremøte
- 14 bokpresentasjonar for klasser i grunnskulen
- Oppstart «Klar ein klassikar». Litteraturkritikarane har utarbeidd klassikar-lista.
- Forfattarbesøk for vaksne: Hans Olav Lahlum, Are Kalvø, Jens M. Johansson, Hans Morten Synstnes
- To litterære lunsjar der personalet presenterte bøker
- Seks arrangement for barn og ungdom (teater og forfattarbesøk): Klovnene Knut x 2, Barnehageteateret, Mogeno, Boklek med Svein Nyhus, Anders Totland
- Bokpresentasjonar for vaksne i og utanfor Lom, bl.a. for bibliotekarane i Oppland, Hedmark, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og i folkebiblioteka i Oppland
- Foredrag om bibliotekdrifta i Lom for bibliotekarane i Nord-Trøndelag på Jøa
- Arrangert formidlingskurs i samarbeid med Oppland fylkesbibliotek på Brimi sæter
- Arbeidstrening. Ein person utplassert fire timer i veka med oppstart 31. august. Samarbeidsavtale med NAV.
- Deltaking på kurs: «23 offentlege ting», «Forfatteren i biblioteket»



# Kalde fakta

- Tre tilsette i 2 årsverk: Merete Byrøygard – bibliotekleiar 100%, Are Flaten 60%, Rita Mundal (permisjon frå bibliotekleiarjobben fram til 31.12.2017) 40%
- Økonomi: Totalt avvik budsjett og rekneskap: 114 000

Artar med overforbruk:

- Art 1016 – 1092: Avtalef. tillegg/pensjon ikkje lagt inn i rekneskapen: 64 000
- Art 1204 Kjøp av bøker: 13 000 (her fekk biblioteket tilskot på 30 000 (1730 Refusjon Oppland fylkeskommune) og 20 000 (1941 Bruk av merka disp. fond) til innkjøp av bøker til innvandrarar
- Art 1201: 13 000
- Art 1370 Kjøp av tenester frå private (arrangement): 26 000 (Billettinntekter 1629: 3 000)



Merete og Linn - litterære misjonærar

# Statistikk

	2016	2017	Endring
Utlån av bøker Lom folkebibliotek	17 072	16 489	-3%
Totalt utlån Lom folkebibliotek	22 056	21 368	-3%
Besökande Lom folkebibliotek(omtrentleg tal)	16 000	16 000	

# Mål for framtida

Vi har som mål å fortsatt ligge på topp når det gjeld utlån per innbyggjar i Oppland og halde oppe eit godt besøkstal. Biblioteket har fått påbod om nedskjeringar tilsvarande 144 000 frå 2017 til 2018. Vi har valt å halde på personalressursane og har redusert bokbudsjettet frå 110 000 til ei nedre smertegrense på 50 000. Vi har også halvert mediebudsjettet og andre småpostar og kontoen for arrangement er fjerna frå budsjettet. Utfordringa blir å halde samlinga på eit akseptabelt nivå trass i nedskjeringane. Vi har som mål å auke inntektene med å drive enda meir utoverretta verksemد i biblioteket sin regi og selja formidlingstenester til andre. Inntektene av dette vil vi

bruke til bok- og mediekjøp og til nokre arrangement i løpet av året. Vi ser allereie nå at samarbeidet med dei andre biblioteka blir ei utfordring utan konto for arrangement. Vi er saman med dei andre om fleire forfattar- og teaterturnéar i året.

I løpet av 2018 skal vi fortsetje og fullføre «Klar ein klassikar-prosjektet». Vi har også som mål å fortsetja den aktive bibliotekutviklinga og har søkt Nasjonalbiblioteket om middel til eit treåring lyrikkformidlingsprosjekt. Eit mål er å halde fast på Lom folkebibliotek sin posisjon som eit «kraftsentrum» for litteraturformidling i bibliotek-Norge



# Barnehagane i Lom

## Kva gjer barnehagen?

### Verdigrunnlag og oppgåver:

Danning, leik, lærings, språk og omsorg er sentrale mål for barnehagen. Dette krev ein praksis som er kunnskapsbasert der personalet kan utøve pedagogisk skjønn. Felles visjon for barnehagane i Lom er: SAMAN HER OG NÅ. Det betyr nettopp å utøve pedagogisk skjønn ved å gripe øyeblikket og utnytte dette pedagogisk i leik og lærings. På den måten gjev ein rom for spontanitet og utforsking og gjev moglegheit for medverknad. Barna sin rett til medverknad er sterkt framheva i barnehagen sine styringsdokument. Dette betyr ikkje at barna skal bestemme, men at dei har rett til å delta og påverke eigen barnehagedag.

Nokre kvalitetar er særsviktige for barna sine erfaringar og opplevingar. Ikkje minst gjeld det retten til eit inkluderande barnehagemiljø som fremjar helse og trivsel. For at alle barn skal oppleve dette, er den viktigaste oppgåva for personalet å arbeide for å utvikle gode relasjonar barn-barn, barn-voksen og voksen-voksen.

Det er ynskeleg med mest mogleg lik praksis i den enkelte barnehage og dei to barnehagane imellom. For at tilsette skal utvikle felles praksis, i samsvar med krav i lov og forskrifter, må barnehagane vektlegge tid til kunnskapsdeling og felles refleksjon. Det skjer m.a. ved at kvar avdeling årleg presenterer resultat av arbeidet med felles fokusområde, som i 2017 var «Relasjonar i leik».

## Kva skjedde i 2017?

- Ny rammeplan vart gjort gjeldande frå 1. august.
- Kommunen hadde ikkje nok plassar til barn med lovfesta rett. Det vart derfor oppretta ute-avdeling i Garmo for dei eldste ungane. Her er det bygd lavvo og utedo, og elles lagt til rette, slik at ungane stort sett kan vere ute heile dagen.
- Som vanleg skapte opptaket foreldrereaksjonar da det heller ikkje dette året var mogleg å oppfylle alle ynska frå foreldre. Reaksjonane handla om korleis vaksne og barn vart fordele, samt at foreldre etterlyste betre informasjon.
- Talet på menn i barnehagen auka frå ein til fem!
- Takka vere symjemidlar frå fylkesmannen har dei eldste

barna i barnehagen store delar av året hatt ei økt i symjebassenget pr veke.

- Ved hjelp av 100 000 i kompetansemidlar frå fylkesmannen har barnehagane gjennomført utviklingsarbeidet «Godt barnehagemiljø», med vekt på relasjonsarbeid. Midlane har vore nytta til fagleg utvikling, observasjon og felles refleksjon over eigen praksis.
- Barnehagane har arbeidd vidare med å realisere intensionane i felles overordna pedagogisk plan. Alle tilsette frå begge barnehagane hadde i den samanhengen fagleg og sosial samling på Bøvertun i oktober.

## Kalde fakta



\*auke på 17 barn frå året før

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar	
Lom	133 650
Skjåk	179 241
Vågå	129 914
Norge u/Oslo	137 613

# Statistikk

## Brukartilfredsheit:

Foreldreundersøkinga vart gjennomført i begge barnehagar hausten 2017. Svarprosent for Garmo er 73%, og for Loar 61%.


Barnehagane sett under eitt ligg på landssnitt. Resultatet for Garmo barnehage er særdeles godt, dei ligg over landssnitt på alle områda, og delvis høgt over. Loar ligg på eller under

snitt. Her skårar dei spesielt svakt på informasjon. Dette kan ha noko med at det har vore ekstraordinært stort fråvær, også i leiinga, og at det derfor til kvar tid har vore vanskeleg å informere foreldre om alle endringar.

Resultat frå foreldreundersøkinga og annan statistikk finn de på [www.barnehagefakta.no](http://www.barnehagefakta.no). Alle tal de finn her er og henta frå denne nettstaden.

	Loar	Garmo	Landssnitt
Svarprosent	61,4 %	73,5 %	69,9 %
Ute- og innemiljø	4,0	4,5	4,1
Barnets utvikling	4,3	4,8	4,6
Informasjon	3,8	4,4	4,2
Barnets trivsel	4,7	4,9	4,7

## Utdanninga til dei tilsette



	Loar	Garmo	Landssnitt
Barn per tilsett	5,8	5,1	6,0
Leike- og oppholdsareal per barn	4,5m <sup>2</sup>	6,6m <sup>2</sup>	5,6m <sup>2</sup>
Totalt antal barn	70	49	-

## Mål for framtida

Det er ynskeleg med anna organisering. Organiseringa er lite funksjonell. Lom har to barnehagar og to styrarar. Den eine er styrar i Garmo med fire avdelingar, medan den andre er styrar i Loar med fem avdelingar. Samstundes er styrar i

den største barnehagen tenesteleiari for heile sektoren med alt det krev. Lov og forskrifter set krav om at styrar skal vere til stades i det daglege arbeidet i barnehagen. Det er nesten uråd å få til i Loar.

I 2017 har Loar skule gjort mykje. Vi er glade for at bassenget vart opna att og vi legg mykje til rette slik at alle elevane skal få symjeopplæring i løpet av året. Alle klassane tok i bruk aktiv læring som metode i undervisninga. Metoden går ut på at elevane skal vere i fysisk aktivitet medan dei tileignar seg læring. Elevane dansa BlimE-dansen som har fokus på dette å vera ein ven og inkludere.

**Kvar vår** har skulen «Lomsveka». Dette er ei veke der Lom er i sentrum og klassane har ulike fokusområder. Dei minste konsentrerer seg om sentrum og Presthaugen, medan dei eldste har Lom og Lomskyrkja, Garmo, Tesse og Bøverdalens som tema. I tillegg til desse er det tema som «Den gamle garden», «Vatn og vassvegar» og «Fossbergom nasjonalparklandsby». Elevane storkosar seg denne veka/desse dagane og timeplanane blir gjort heilt om på. Det er mange lokale ressurspersonar som er engasjerte desse dagane, som vi set stor pris på.


**1.august 2017** kom det ny paragraf i Opplæringslova som handlar om elevane sitt psykososiale miljø på skulen. Denne er skjerpa betydeleg inn og det er større krav til handling no enn før. Elevane har krav på eit godt og trygt skolemiljø, dette har vi på skulen og spesielt rektor eit ansvar for.

**Lærarane** har hatt eit større fokus på klasseleiing og korleis vi er som vaksne. Dette må vi arbeide kontinuerleg med. I tillegg har vi hatt, og har fortsatt, eit fokus på bruk av læringsstrategiar i undervisninga. Elevane skal få eit reportoar av strategiar dei kan velja mellom når dei skal tileigne seg nytt læringsstoff. I dette arbeidet nyttar vi intern kompetanse som vi har på skulen.

**Skulane i Lom** har eit større samarbeid enn før. Dette har vorte vedteke i kvalitetsmeldingar tidlegare og vi ser gevinsten av eit tett samarbeid. Skulane er i gang med faggrupper på tvers av skulane, noko som er godt motteke av lærarane.

**Vi har eit flott** skuleområde kring oss som legg opp til stor aktivitet i friminutta og utanom skuletid. Det var difor skuffande at leikeapparatet «Lomseggen» måtte stengjast grunna regelverket. Vi vil sjølv sagt at leikeapparatet skal vere godkjende og håpar at vi får attende dette leikeapparatet i godkjend stand i løpet av stutt tid.

**Rekneskapet** for 2017 syner ei underbalanse på 730.000 kr. Dette skuldast feil berekning på løn hausthalvåret. Det har vore rekna ut i frå 5/12 når det skulle ha vore 5/11 grunna feriemånaden juli som ikkje skal reknast med på hausthalvåret. Dette gjeld tenestane 2020, 2024 og 2022. Skuleskyss har vore underbudsjettet, difor eit negativt avvik på 118.000 kr.



*"Loar skule skal vera ein trygg stad å vera der alle trivst, blir godtekne og respekterte."*

Loar skule vil leggje til rette for læring der elevane kan tilegne seg kunnskap som motiverer dei til å bruke evnene sine i utfordringar dei vil møte.

Loar skule skal stimulere til engasjement i arbeid med natur og kultur.

Skulen skal sikre eit godt samarbeid mellom skule og heim.



	ELEVAR	LÆRARAR	ASSISTENTAR
Vår 2017	173	23	5
Haust 2017	158	22	5

# Statistikk

Tala frå elevundersøkinga syner at det er ikkje kvart år elevane er like tilfreds. Elevane i 5. og 7.klasse svarar kvart år på elevundersøkinga før jul. I år er dei ikkje så godt tilfreds med rettleiing frå læraren og dei trivst heller ikkje så godt på skulen som tidlegare år eller som elevar generelt i landet gjer.

Det er noko meir tilfelle av mobbing enn før, difor ligg vi no på landssnittet her. Vi skulle gjerne sett dette talet betre og arbeider for å få det mindre. Vi kan aldri si oss tilfreds med det psykososiale skolemiljøet og må arbeide hardt med dette heile tida. Dette betyr i praksis mykje fokus på elevane sin trivsel, høg tettheit av vaksne ute i friminutta, tett dialog med heimane og sjølvsagt tett dialog med elevane sjølv. Fadderordninga vår er eit viktig tiltak i dette. 1.klassingane får kvar sin fadder før dei byrjar på skulen som dei beheld til dei er ferdige i 2.klasse. Dette ser vi store gevinstar av, fadrane tek rolla si seriøst og passar på dei minste. Vi må også få elevane til å passe på kvarandre og ha omtanke for andre.

Vi må, saman med foreldre, få dei til å forstå kvifor vi ikkje skal mobbe og plage andre. Dette handlar mykje om haldningar, både hjå elevane, dei tilsette på skulen og hjå foreldre. Foreldre spelar ei viktig rolle for skulekvardagen til ungane.

Vi er godt nøgd med resultata frå nasjonale prøver i haust. Det er 5.klasse som gjennomfører desse kvart år. I år er det så få i klassa at resultata ikkje er offentlege. I engelsk og rekning har vi færre på nivå 1 og fleire på nivå 3 enn nasjonalt.

I lesing har vi ingen på nivå 1. Nasjonalt er det 23,8% på dette nivået. Dette er vi særskilt nøgd med! Førre året hadde vi berre 3,7% på dette nivået. Dette tyder at satsinga på lesedugleik i småskulen, verkar. Vi har tre lesepædagogar som vi brukar på 1.-4.klasse, noko vi ser gjev resultat.

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Loar skule			
			Noreg res 2017	Res 2016	Mål 2017	Res 2017
Brukarrar	Opplevd kvalitet	Trivsel	4,3	4,4	4,5	4,0
		Mobbing på skulen	1,3	1,1	1,0	1,3
		Fagleg rettleiing av lærar	4,2	4,5	4,5	4,1
		Tilfreds med dialog heim-skule		5,0	50	

## Mål for framtida

- Nytt låsesystem
- Trygg skuleveg langs Brubakken
- Andre yrkesgrupper inn i skulen
- Digitalt utstyr og kompetanse
- Større areal til kontor, møterom og lager
- Fleire lærarar med kompetanse i engelsk





# Lom ungdomsskule

Sjølve grunnmuren og verdigrunnlaget for opplæringa er menneskeverdet; identitet og kulturelt mangfold, kritisk tenking og etisk medvit, skaparglede, engasjement og utforskartrong, respekt for naturen og miljømedvit og dessutan demokrati og medverknad.

Prinsipp for læring, utvikling og danning hos elevane er sosial læring og utvikling, kompetanse i faga, grunnleggjande ferdigheter og å lære å lære. I tillegg er prinsipp for skulen sin praksis eit inkluderande læringsmiljø, undervisning og tilpassa opplæring, samarbeid mellom heim og skule, i tillegg til profesjonsfellesskap og skuleutvikling der lærarar og leiarar reflekterer over felles verdiar og vurderer og vidareutviklar sin praksis.

§ 9A i Opplæringslova seier at «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring». Dette har vore i fokus hos oss i haust. Vi har arbeidd med bevistgjering av alle tilsette, og inn mot elevar og føresette. Det har vore vanskelege saker, men vi har klart å løyse dei i nært samarbeid med heimane. Elevundersøkinga er med på å dokumentere dette.

## Kva skjedde i 2017?

Skulen har mange tradisjonar som vi er stolte av. Det gjeld mellom anna aktivitetar i form av alternative skuledagar som er med på å skape eit gagns menneske ut av kvar elev, men som også gjev godt fagleg læringsutbytte. Vi har bondebryllaup, lyrikkveld, julekonsert i Utgard, juleverkstad og juleball, tur til Årdal, Bjørnsund og Oslo, aktivitetsdagar med orientering, bandy, friidrett og ski, forutan besøk til Eidefoss, Energisenteret og Trafikksikkerhetssenteret. Dansekompaniet Frikar, brannvesenet og politiet har vore på besøk.

Elevundersøkinga viser at elevane er svært fornøgde med skulen. Resultata ligg stort sett over landsgjennomsnittet på alle område.

## Kalde faktta

Økonomien i 2017 gjekk med eit lite overskot. Hausten 2017 fekk skulen ny rektor.

Driftsutgiftene for skulane i Lom ligg under dei i nabokommunane, både i kroner og i prosent av kommunen sine totale driftsutgifter.



Lom ungdomsskule skal vera ein god stad å vera.

«Skulen skal møte elevane med tillit, respekt og krav, og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.»

«Elevens beste skal alltid være et grunnleggende hensyn.»

Dette er henta frå overordnet del i Kunnskapsløftet og Opplæringsloven, men det er også det som vi arbeider etter på skulen hjå oss.



Skulen er med i skuleutviklingsprosjektet «Ungdomstrinn i Utvikling». Der har vi fokusert på skriving og varierte arbeidsmåtar for å auke motivasjon og læring og forma på undervegsvurdering og attendemeldingar.

Skulane i Lom har eit tettare samarbeid enn før. Dette har vorte vedteke i kvalitetsmeldingar tidlegare, og vi ser gevinsten av eit nært samarbeid. Vi er i gang med faggrupper på tvers av skulane, noko som er godt motteke av lærarane.

Når ein samanliknar Lom ungdomsskule med skular i Oppland eller nasjonalt, ser ein at lærartettleiken er høgare hjå oss.

# Mål for framtida

Ein kan aldri seie at nå er det psykososiale miljøet godt nok. Dette er noko ein må arbeide med heile tida. Eit mobbefritt samfunn er nesten utopisk, men vi skal følgje med og reagere raskt når noko blir oppdaga.

## Målet vårt er å...

- Arbeide mot en meir praktisk og variert undervisning
- Arbeide for ei felles forståing og praktisering av regelverk
- Leggje til rette for at skulen skal vera rettferdig, noko som medfører at vi somme gonger må gjera forskjell på

elevar

- Sikre nok ressursar til skulen for å dekkje behov for tilpassa opplæring
- Digitalisere i tråd med kommunale planar og sentrale krav
- Vidareutdanne lærarar for å sikre korrekt formell kompetanse



# Lom musikk- og kulturskule

## Kva gjer Lom musikk- og kulturskule?

Hovudoppgåvene for Lom musikk- og kulturskule er å fremje eit rikare kulturliv i kommunen gjennom opplæring innan musikk og kultur. Målet er vidare å skape eit positivt barne- og ungdomsmiljø ved at elevane får høve til å vere med på verdifulle aktivitetar i form av det kulturelle opplæringstilbodet i musikk- og kulturskulen.

Kulturskulen er eit friviljug skuleslag med brukarbetaling. Kommunen eig og driv kulturskulen i nært samarbeid med grunnskulen.

Skulelokala er i kjellaren på nyfløyen i Lom ungdomsskule. Lom musikk- og kulturskule ligg organisatorisk under Loar skule. Rektor Loar skule er såleis sektorleiar for kulturskulen.

Rektor for kulturskulen er vikar ut skuleåret 2017/2018. Skulen ynskjer å både oppretthalde og utvide tilboden, men har ikkje lykkast heilt med det i år. Forslag om ressursar til eit tilbod i opplæring av massinginstrument (korpsinstrument) gjekk heller ikkje i år gjennom i budsjethandsaminga.

Lom musikk- og kulturskule ynskjer å utvikle og utløyse kreativiteten hjå kvar einskild elev, samstundes som ein legg vekt på å fremje forståing av, oppleving av og interessa for ulike kulturaktivitetar.

Det å få Lom musikk- og kulturskule ut til folk er og ei viktig oppgåve. Kulturskulen er og skal vera ein aktiv del av det lokale kulturmiljøet.

## Kva skjedde i 2017?

2017 har vore eit år prega av utvikling og endring i kulturskulen i Lom. Ein av dei tilsette gjekk ut i permisjon i vår, og vi var heldige å få ein godt kvalifisert vikar, trass i at det berre er ei deltidsstilling.

Skjåk kulturskule har vore med på eit opplegg med rettleiing frå fylkesnivået, særleg med tanke på innføring av den nye rammeplanen. Dette har Lom også fått vera med på. Rettleiinga har etter kvart dreia mot samarbeid mellom kulturskulane i Lom og Skjåk, særleg i ljós av prosessen med ei evt. samanslåing av dei to kulturskulane.

Lom musikk- og kulturskule har difor særleg arbeidd med to organisasjonssaker i 2017:

1. Innføring av Rammeplan for kulturskolen (2016).
2. Førebu ei evt. samanslåing av kulturskulane i Lom og Skjåk.

I tillegg er støttegruppa (foreldregruppa) i kulturskulen i funksjon att etter fleire år nede.

Skulen har ikkje lykkast å få auka rammer for å kunna tilby opplæring i massinginstrument. Dette vil vera eit prioritert tiltak ved neste krossveg. Kulturskulen har hatt to faste halvårsframstykningar/-konsertar; før sommaren og før jul.

Attåt det har delar av kulturskulen hatt større og mindre oppdrag, m.a. i samband med 17.mai og Lomsfest.

Kulturskulen har ikkje negativt avvik på økonomi.

# Lom musikk- og kulturskule

# Kalde fakta

Vi har ved utgongen av 2017 desse stillingane:

Funksjon	Prosent	Eleveiningar	Status
Lærar piano	9,60	5	Fast
Lærar gitar, bass og slagverk	51,90	27	Vikariat
Lærar fele	30,70	16	Fast
Lærar toradar og trekkspel	24,85	13	Fast
Lærar song, keyboard og blokkfløyte	59,61	31	Fast
Rektor	40,00		Vikariat
<b>Sum</b>	<b>216,66</b>	<b>92</b>	

Somme elevar har slutta og andre har kome til.

Skulen har hatt 90-100 elevplassar, i hovudsak frå 3.kl. oppover t.o.m. vidaregåande. Det er om lag likt fordelt mellom gutter og jenter. Elevane kjem frå om lag 65 heimar. Kulturskulen har praktisk tala fullt belegg og ikkje ventelister i 2017.

## Mål for framtida

### Kulturskulen arbeider mot desse måla framover:

- Minst oppretthalde tilbod og aktivitet som i dag.
- Auke tilboden med opplæring på massinginstrument og teater.
- Nærare samarbeid med kulturskulen i Skjåk uansett organisering. Dette gjeld m.a. samordning av utlysing og endring av adm.program til SpeedAdmin som m.a. Skjåk brukar.
- Samarbeide med andre lokale aktørar for å byggje større og meir attraktive stillingar.
- Innføre rammeplanen for kulturskulen formelt og reelt.
- Utvikle kulturskulen vidare som ein god, variert og attraktiv skule for elevar, tilsette og lokalmiljøet.





# Pleie og omsorg

## Kva gjer pleie og omsorg?

**Tensteområdet yter helse - og omsorgstenester.** BEON-prinsippet\* ligg til grunn for tildeling av tenester, jf. «Omsorgsplan for Lom kommune 2011-2020» og «Kvalitetsstandardar for tildeling av tenester i pleie og omsorg, Lom kommune». Det skal vera samsvar mellom pasienten sine behov og nivået på tenestetilbodet. Til grunn for all tenestetildeling ligg individuell kartlegging og tverrfagleg vurdering. Tildelingskontoret for Lom og Skjåk utfører sakhandsaming og fattar einskildvedtak.

**Lom helseheim** skal yte heildøgns pleie og omsorg ved langtids-, korttids-, rehabiliterings- eller avlastningsopphald. Under opphaldet, får pasientane tilbod om legetilsyn, tannlegetilsyn, aktivisering og sosiale- og kulturelle arrangement. Pasientklede vert vaska ved Lom vaskeri. Institusjonen har eige kjøken som lagar næringsrik mat til pasientar i institusjon, til pasientar på bygda som har fått tildelt matombringing og til kantinene på Lom helseheim og Lom ungdomsskule.

**Miljøarbeidartenestene** skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får nødvendige helse- og omsorgstenester som helsetenester i heimen, personleg

assistanse, praktisk bistand og opplæring, individuell plan, omsorgsløn, støttekontakt og avlastningstiltak til personar og familiar med særleg tyngjande omsorgsarbeid. Tenesta har i tillegg ansvar for Lom Arbeidssenter som gjev arbeids- og aktivitetstilbod til menneske med ulike bistandsbehov.

**Heimetenestene** (heimesjukepleia og heimehjelpene) skal bidra til at eldre og personar med funksjonssvikt kan få bu og virke i eigen heim så lenge det er fagleg forsvarleg. Heimetenestene gjev tilbod om helsehjelp og praktisk hjelpe i heimen i tillegg til avlastningstilbod, dagsentertilbod for heimebuande personar med demenssjukdom, tilbod om kvardagsrehabilitering, tryggleksalarm, multidose, multidosedispenser og matombringing. Heimetenestene tilbyr tenester frå kreftkontakt og demenskoordinator.

**Pleie- og omsorgssektoren** har ofte personar på språkpraksis og har kvart år undervisning/opplæring for elevar, studentar og lærlingar som har praksis i sektoren.

\* BEON-prinsippet :Effektivitet er knytt til prinsippet om beste effektive omsorgsnivå Det mest effektive nivået skal stå for førebygging, omsorg og handsaming av sjukdom.

## Kva skjedde i 2017?

**Vi er stolte over det vi har gjennomført i 2017!**  
**Det har vore svært høg aktivitet og det har vore lagt ned ein stor og solid arbeidsinnsats frå tilsette gjennom heile året og det har vore stor endringsvilje. Tensteområdet har vore og er framleis inne i ein omstillingsprosess etter drifts- og ressursanalyser. Målet er å dreie frå institusjonsbasert teneste til heimebaserte tenester for å skape ei berekraftig pleie- og omsorgsteneste for framtida. Vi har gjort fleire omstillingar i 2017.**

Året starta med nye turnusar i institusjon og heimetenestene.

### Institusjon

Institusjonen vart redusert med sju plassar. Det var eit mål for dei nye turnusane å redusere rapporttida, endre vaktlengder, styrke fag og kompetanse, innføre eit ekstra måltid og å innføre fagmøtetid i turnus, 2t/6. veke. Institusjonen fekk ny døgnrytmeplan og bemanningsplan. Tidspunkt for måltida vart endra; tidspunktet for middagen vart flytta til seinare på dagen og ein fekk inn eit lunchmåltid. Dette, for å betre føresetnadane for god ernærings, stimulere til meir normal døgnrytme og frigjere

tid for pasientane til å kunne fylle dagen med meiningsfulle aktivitetar og dermed oppnå ro og betre nattesøvn. Ein fysioterapeut som var tilsett som vikar i 60 % aktivitørstilling innførde fleire og nye aktivitetar for pasientane og hadde stort fokus på fysisk aktivitet. Ho tok initiativ til og fylgte opp deltaking i sykkel-VM der Lom helseheim kom på 13. plass. Aktivitøren hadde ein sær positiv effekt både på pasientane og på tilsette gjennom måten ho jobba på; ho spreidde glede og positivitet som gav trivsel.

Attendemeldingar frå avdelingspersonalet og kjøkenpersonalet etter endring av døgnrytmeplan og ny turnus har vore at dei har fått meir frigjort tid på dagvakten og aktivitøren har meldt om større ro i høve til å kunne gjennomføre aktivitetar.

Det har vore kutta og omstilt ressursar! I institusjonen vart det kutta 20 % avdelingssjukepleiarressurs, skjerma avdeling fekk 20 % avdelingssjukepleiar og sjukeavdelingane fekk 40 % avdelingssjukepleiarressurs. Vi har overflytta ressursar til heimesjukepleia og kutta i overkant av ei stilling som følgje

av at ei avdeling vart lagt ned; vi overførde dagvakt på helg og seinvakt heile veka og kutta dermed dagvaksressurs fem dagar i veka. I tillegg kutta vi vaktlengder og rapporttid i ny turnus.

Effekten av redusert kapasitet i institusjon, har gjeve betre effektivitet ved tildeling og kortare oppholdstid. Det har ikkje vore pasientar på venteliste til opphold i sjukeheim i 2017, jf. lokal føresign.

### **Heimetenestene (heimesjukepleie og heimehjelpene)**

Det vart omstilt ressursar for å styrke heimetenestene. Det er eit mål at heimesjukepleia skal ta seg av eit større tal middels tunge og tunge brukarar.

For å møte pasientbehov vart det innført sjukepleiekompetanse på natt. Heimesjukepleia fekk 40 % avdelingsleiarressurs, kreftkontakt tilsvarande 20 % stilling, demenskoordinator i 25 % stilling, auka opningstid frå ein til to dagar/veke i dagsenter for heimebuande personar med demenssjukdom. Det vart innført eigenandel for plass i dagsenter som inkluderer mat og skyss. Spesialsjukepleiar fekk fagansvaret for dagsenteret og er tilsett der ein av dagane. Det vart innført kvardagsrehabilitering som tenestetilbod i heimen og det vart tilsett ein fysiotapeut i 20 % stilling som kvardagsrehabiliteringskoordinator (stilling omdisponert frå kjøken). Det vart innført auka ressurs dagaktene på helg og på seinvaktene både i vekedagane og i helgane.

Det vart kjøpt inn to tenestebilar til disposisjon for heimehjelpene som erstatning for bruk av privatbil. Dette var svært etterlengta. Sidan alle avdelingane i tenesteområdet har innført multidose, leasa vi 10 multidosedispenserar frå EVONDOS og med det fått eit nytt velferdsteknologitilbod for heimebuande gjennom EVONDOS-medisineringsteneste..

Leiar i heimesjukepleia gjekk ut i svangerskapspermisjon frå siste helga i juli og blir borte fram til sommaren 2018. Vikariat i stillinga vart lyst ut, men ingen søkte. Stillinga er delvis dekt gjennom ei ansvarsfordeling gjennom eksisterande ressursar. Som ei mellombels ordning, har dette vore ei forsvarleg men ikkje optimal løysing.

Demenskoordinator starta året med utarbeiding av prosedyrar for arbeidet sitt og samarbeidsprosedyre mellom fastlegane og demenskoordinator. Demenskoordinator har utført kartleggingar av seks nye personar, det vil seie gjennomføring av heimebesök for å vurdere heimesituasjonen, gjennomføre kognitive testar og samtale med pårørande). Demenskoordinator har hatt oppfølging av 18 pasientar med kjendt demensdiagnose og deira pårørande, fleire har fått oppfølging to gonger i 2017. Det har vore gjennomført 26 heimebesök/ pårørandesamtaler(oppfølgingar). Demenskoordinator har vore kontakta av fastlege i høve til førarkorttestar og har vore på fem heimebesök i samband med det.

*"Ved sida av omstilling  
er vi stolte over at vi  
har greidd å fokusere på  
kvalitetsutvikling"*

**Kvardagsrehabilitering** starta opp som tilbod i midten av oktober med heimebesök hjå den første brukaren same dag. Tenesta rettar seg mot heimebuande med funksjonsfall og den overordna målsettinga er å betre funksjonsevna og utsette eller førebygge hjelpebehov. Tenesta er organisert som ein del av heimesjukepleia og det er oppretta eit team bestående av ergoterapeut, fysioterapeut og tre heimetrenarar frå heimesjukepleia. Teamet har så langt hatt to brukarar. Brukarane har så langt fått tilbod om omlag 45 min trening, 5 dagar i veka i 6 treningsveker.

**Kreftkontakten** har hatt fire faste pasientar gjennom 2017 og sporadisk kontakt med fleire. Det har vore oppfølging av pårørande og etterlatne til sjuke. Kreftkontakten har ikkje fast samarbeidsforsa med fastlegane, men samarbeidet er godt i høve oppfølging av felles pasientar. Kreftkontakten deltek i regionalt fagnettverk kvar tredje månad og elles ved behov. Kreftkontakten organiserer undervisning til kollegaer og er kontaktperson i høve sjukehuset.

**Dagsenteret for heimebuande** personar med demenssjukdom følgjer utarbeidd årshjul for aktivitetar. Det har vore sådd blomar, dyrka grønsaker og poteter. Det har vore drivi med vedpakking; ein aktivitet som både kvinner og menn har likt godt. Det har vore gått turar og ein har nytta Motiviewsykkelen. Dagsenteret har vore på fleire turar, m.a. til Glittersjå, to seterbesök, bowling i Vågå og dei har vore på reinsslakting og fisking. Dagsenteret har hatt noko ledig kapasitet gjennom året.

### **Miljøarbeidartenesta**

Det vart gjennomført ein ressursgjennomgang ved Runde Devold i miljøarbeidartenesta, seinhausten 2017. Gjennomgangen syntetiserte at miljøarbeidartenesta tilbyr tenester av topp kvalitet sjølv med marginal bemanningsressurs. Miljøarbeidartenesta utarbeidde ny grunnturnus to gonger i 2017 (200217 og 180917) grunna nye oppgåver og behov, justering av stillingsstorleikar og langtidsfråver. 40 % fagleiarstilling (svangerskapspermisjon) i miljøarbeidartenesta har stått vakant som eit budsjett tiltak. Dette har skapt ein krevjande situasjon og leiarane ligg etter med arbeidsoppgåver.

### **Generelt**

Omstillingane og dei nye tilboda i tenesteområdet PO har medført mykje meirarbeid ved at det har vore krav til god informasjon, det har vorte fatta nye vedtak, utarbeidd nye turnusar, gjennomført formelle tilsetjingar, organisert og gjennomført opplæring til personalgrupper, utarbeidd stillingsbeskrivingar/delegasjonar og nye rutinar/prosedyrar. Det har vore utarbeidd informasjonsbrosjyrer. I tillegg tok PO-sektoren i bruk nytt turnusprogram dette året. Programmet hadde store manglar i høve spesialturnusar, noko som har ført til mykje meirarbeid. Ved sida av omstilling er vi stolte over at vi har greidd å fokusere på kvalitetsutvikling. Vi deltek i pasienttryggleikskampanjen og har hatt fokus på tidleg oppdaging og forverring av tilstand (ProACT). Fleire i

personalet har gjennomgått kurs retta mot dette temaet og vi har skaffa verktøy til praktisk bruk. To sjukepleiarar har gjennomført ProACT-kurs ved Ahus og er instruktørar innan tidleg oppdaging og forverring av tilstand. Leiargruppa har delteke i leiarutviklingskurs i regi av Frisk HMS og det har vore gjennomført grunnleggjande kurs og oppfriskingskurs i legemiddelhandtering i regi av Apotek 1 Otta for alle som har legemiddeldelegasjon.

Det har vore gjennomført 1078 e-læringskurs gjennom «Veilederen» i 2017; ei auke sidan 2016 da det vart gjennomført 546 kurs. Å innføre fagmøtetid i turnus er for oss eit stort framsteg som gjer at vi får samla personalgruppene til informasjonsutveksling og til å ha fagleg og brukarretta fokus. Dette bidreg til å heve kvaliteten i tenestene våre.

Det har vore gjennomført fire felles personalmøte for heile tenesteområdet i 2017, jf. årshjul PO.

- 230117: **Tema: Personalhandboka og IA-avtalen** v/rådgjevar personal Åste Einbu Gudbrandsen
- 010617: **Tema: Framlegg av ny driftsanalyse av PO** v/Rune Devold
- 280817: **Tema: Kvalitetshandboka** v/ Reidun Øvre Øygard, presentasjon av masteroppgåve i klinisk farmasi (del av studien gjennomført ved Lom helseheim) v/ Torunn Stadeløkken, introduksjon av nytt e-læringstilbod NHI v/ leiar institusjon Elin Jeanett Ulen, gjennomgang av forprosjekt bygging og framdriftsplan endringsprosess PO, trinn 2 v/ PO-sjef Oda Evy Øyen
- 301017: **Tema: Fokus på forflytting med gjennomgang/repetisjon av dei viktigaste prinsippa og risikovurdering av forflyttingssituasjonar i eiga avdeling** v/HMS-rådgjevar/bedriftsergoterapeut i Frisk HMS bedriftshelseteneste Gitte Bertelsen

Det har vore gjennomført to brannøvingar i 2017 der vårøvinga omfatta alle tilsette i PO og haustøvinga gjalt tilsette i institusjon. Det er lovpålagt at tilsette i institusjon skal gjennomføre to brannøvingar i året.

Lom og Skjåk Brannvesen, og tenesteområda for pleie- og omsorg i Lom og Skjåk sende felles søknad om midlar frå Det Store Brannløftet (Gjensidigestiftinga), til prosjektsamarbeid i høve «Risikoutsette grupper» der målet med prosjektet er å trygge utsette grupper, slik at dei kan bu trygt i eigen heim med omsyn til brann. Søknaden vart imøtekomen med kr. 76 100.

Heimetenestene i Lom og Skjåk gjennomførde totalt 47 heimebesøk der dei kartla brannrisiko hjå eldre og utsette grupper. Med bakgrunn i kartlegginga vart det gjort naudsynte tiltak som m.a. å montere røykvarslarar og komfyrvakter. Det vart gjeve den heimebuande tilbod om synfaring frå brannvesenet. Fleire takka ja til tilboden. Prosjektet sökte om ytterlegare midlar og fekk 250 000 kr til innkjøp av eitt mobilt vasståkeanlegg, 100 brannmeldarar som kan koplast til tryggleksalarmane og dermed varsle

direkte til alarmmottaket på LMS og 20 komfyrvakter (eller tidsur til kaffetraktar/tekokar). Dette er eit stort branngjøgleikslyft for våre tenestemottakarar og er eit resultat av godt samarbeid mellom deltakarane i prosjektet. Det har vore gjennomført møte mellom tillitsvalde og arbeidsgjevar etter møteplan, samt administrasjonsmøte/faglearmøte kvar veke.

Det har vore gjennomført fire møte mellom Brukarråd og PO/HV jf. møteplan. I tillegg vart det kalla inn til eit ekstra møte der Brukarrådet fekk ein gjennomgang ved Tildelingskontoret Lom og Skjåk i høve ny lokal føresegr om tildeling av langtidsopphold i sjukeheim før Brukarrådet fekk saka til høyring.

Det har gjennom året vore arbeidd med og avslutta forprosjekt i høve ombygging/tilbygg institusjon og nye omsorgsbustadar i miljøarbeidartenesta. I desembermøtet i kommunestyret vart det vedteke at ein prioriterer oppstart bygging av omsorgsbustader i miljøarbeidartenesta i 2019, medan ombygging/tilbygg til institusjon vart utsett til 2020. Dette, etter oppdatering i november av Devold sitt forarbeid til økonomiplan 2018-2020, 20.05.2017.

PO har inngått avtale med Elektromedisinsk Service AS for å få utført årleg ettersyn av elektromedisinsk utstyr for å fylle krava i «Forskrift om håndtering av medisinsk utstyr». Årleg ettersyn omfattar full service og tryggleikskontroll og naudsynt merking av utstyr. Alt vert dokumentert. Det vart gjennomført årleg ettersyn i slutten av november og naudsynte tiltak er fylgt opp i etterkant. Elektromedisinsk utstyr er i føresegna definert som «ethvert medisinsk utstyr som er avhengig av en elektrisk energikilde for å fungere» og kan vere t.d. takheisar, personlyftarar, pasientsenger, ultralydapparat, sug, forstøvarapparat m.m. Avtalen sikrar god kontroll med utstyr slik at vi ivaretak pasienttryggleik og tryggleiken til personalet og at vi betre kan planlegge utskifting av utstyr.

PO har inngått avtale med Storkjøkken og Gasservice AS om periodisk vedlikehald –årleg kontroll – av kjøkenutstyr hovudkjøken og avdelingskjøken, kjøl-og fryseanlegg, gassanlegg og flaskeskåp kjøken og skylleromsutstyr; vaske/skylle dekontaminator. Dette for å få betre kontroll med utstyr slik at vi ivaretak mattryggleik, tryggleik i høve hygiene/smitte og at vi betre kan planlegge utskifting av utstyr.

Mattilsynet hadde tilsyn ved Lom helseheim 29.11.2017 og fatta vedtak om pålegg om å gå gjennom og oppdatere eigen internkontroll og vurdere eigen prøveplan. Vedtaket vart oppfylt innan fristen 31.01.2018.

**Fire personar har gjennomført fagprøver helsefagarbeidarfaget i PO i løpet av 2017.**

# Kalde fakta

## Institusjon

Strategien for bruken av sjukeheimen har vore å legge ned ei avdeling og stramme inn nålauga for tildeling av opphold. Devold sin gjennomgang av styringsdata i mai 2017 bekreftar at dette er iversett. Sjølv om verketida for strategien er lang er det i ferd med å skje endringar som er merkbare. Mellom anna har gjennomsnittleg opphaldstid i

sjukeheimen gått ned. Snitt pleietyngde er om lag uendra samla sett frå 2015 og fram til nå og ligg på 4,1 til 4,2 (skala frå 1-5) (Drifts- og ressursanalyser, Devold 20.05. 2017). Ut frå tabellane under kan ein sjå at bistandsbehovet til pasientane ved sjukeheimen er omfattande. Dette er i tråd med målsetjinga i omstillingss prosessen.

## Tenestemottakarar fordelt etter bistandsbehov pr. 31.12.2016 ved Lom helseheim

	Noko/avgrensa	Middels/Stort	Omfattande	Ikkje oppgjeve	Totalt
TOTALT	-	<b>8</b>	<b>38</b>	<b>0</b>	<b>46</b>

## Tenestemottakarar fordelt etter bistandsbehov pr. 31.12.2017 ved Lom helseheim

	Noko/avgrensa	Middels/Stort	Omfattande	Ikkje oppgjeve	Totalt
TOTALT	-	<b>1</b>	<b>30</b>	<b>0</b>	<b>31</b>

## Heimetenestene (heimesjukepleia og heimehjelpene)

Devold samanlikna IPLOS-data frå mai 2015 med data frå november 2017. Tala viser at brukartalet er tilnærma konstant. Brukarane sine behov har auka med om lag 25 timer/veke målt med normert standard på tenestene (svært trøngt nålauga). I same tidsrom er timeproduksjonen (ansikt til ansikt) redusert med 45 timer/veke. Brukarbehova har auka, men veksten har i all hovudsak kome hjå brukarar med store behov som har fått meir teneste. Brukarar med små behov har fått mindre teneste. Delen av ressursar til brukarar med tunge funksjonstap har auka frå 10-21%. Dette er i samsvar med strategien som vart lagt i 2016 og som utgjer ei omstilling på 2-2,5 millionar kroner. Dei viktigaste tiltaka som har mogleggjort dette er at tildeling av tenester er endra, nålauga er trøngare og at fleire får alternativ oppfylgjing (velferdsteknologi, rehabilitering m.m.) (Devold, notat gjeldande omsorgstenestene og miljørarbeidartenesta 30.11.2017).

Utviklinga i talet på brukarar 67-79 år er svakt aukande, men ganske stabil fram til 2020. Deretter aukar talet kraftig. Sjølv om desse gruppene i nokon grad vert påverka av den høge dødlegheta som har vore, er det naudsynt å rette forsterka sokelys på å få til enda betre resultatoppnåing for heimetenestene i høve denne gruppa. Utvikling i dødleheit, rekruttering av brukarar og resultatoppnåing i heimetenesta tilseier at behovet for å starte bygging av bustadar med høve til heildøgns omsorg kan skyvast 2-3 år fram i tid. Devold tilrår vidare å sjå etter enda betre resultat i heimetenesta gjennom å ta i bruk lågterskeltilbod innan aktivitetar, samarbeid med friviluge og dagsenter for dei med større behov (Devold, notat gjeldande omsorgstenestene og miljørarbeidartenesta 30.11.2017). Budsjettvedtaket 19.12.2017 vanskeleggjer resultatoppnåinga i heimetenesta fordi ein i budsjettet for 2018 m.a. kutta ressursane som var tenkt brukt til eit nytt dagsentertilbod for eldre (60 % frigjort heimehjelpsressurs og 60 % aktivitørstilling).

## Tenestemottakarar fordelt etter bistandsbehov pr. 31.12.2016 i heimetenesta (heimesjukepleie og praktisk bistand)

	Noko/avgrensa	Middels/Stort	Omfattande	Ikkje oppgjeve	Totalt
TOTALT	<b>60</b>	<b>37</b>	<b>15</b>	<b>2</b>	<b>114</b>

## Tenestemottakarar fordelt etter bistandsbehov pr. 31.12.2017 i heimetenesta (heimesjukepleie og praktisk bistand)

	Noko/avgrensa	Middels/Stort	Omfattande	Ikkje oppgjeve	Totalt
TOTALT	<b>68</b>	<b>46</b>	<b>18</b>	<b>2</b>	<b>134</b>

## Miljøarbeidartenesta

Devold gjekk gjennom styringsdata i miljøarbeidartenesta i haust. Miljøarbeidartenesta detaljkartla brukarar med tilhøyrande ressursbereking målt i timer/veke for praktisk bistand og tilleggstenester knytt til andre behov som følgje av kognitiv svikt. Resultata for alle brukarane vart slått saman for å få oversikt over samla brukarbehov og tilhøyrande ressursbehov målt i årsverk og kostnadar. Devold konkluderte med at brukarane har behov for bistand til daglege praktiske gjere mål og generelt tilsyn tilsvarende 595 timer/veke (om lag 16 årsverk) på dag/kveld. Tillegget HOT (helse, omsorg og tryggleik) utgjer 312 timer/veke. Bistandsbehov, tilsyn og HOT er rekna til totalt 22,7 årsverk på dag/kveld. Dette vert drifta med 16 årsverk inkludert tid for løna og uløna ekstra arbeid, overtid og innleie for tillitsvalde (desse faktorane utgjer om lag 0,6 årsverk). Total samordningseffekt er på 29 %. Det betyr at tenesta vert ytt med 29 % mindre tidsressursar enn summen av einskildvedtak skulle tilseie. I dagleg drift betyr det at god organisering, teknologi og anna infrastruktur skaper tidsflater der tenestytar betener fleire enn ein brukar samtidig. Innspart tidsressurs på

denne måten friger ressursar til naudsynste indirekte oppgåver som dokumentasjon, førebuing og gjennomføring av ansvarsgruppemøter, rettleiing, planlegging, byråkratioppgåver og kontakt med andre aktørar. Devold konkluderer med at drifta i miljøarbeidartenesta er sers tilfredsstillande ressurseffektiv og at realisering av nybygg i lag med gode faglege arbeidsmetodar vil kunne sikre ressurseffektiv teneste trass auka brukarbehov (Devold, notat gjeldande omsorgstenestene og miljøarbeidartenesta 30.11.2017).

## Tildelte tenester i 2017 - Institusjon

- 11 Avlastningsopphald (0/2016)
- 54 Korttidsopphald (50/2016)
- 1 Akuttinnleggingar frå legevakt (7/2016)
- 10 Korttidsopphald LMS (15/2016)
- Intermediærssenger LMS: 155 faktiske liggedøgn
- Øyeblinkkeleg hjelp – KAD senger LMS: 15 faktiske liggedøgn
- 6 Rehabiliteringsopphald (1/2016)
- 32 Langtidsopphald (33/2016)

## Liggedøgnsstatistikk Lom helseheim 01.01.2017-31.12.2017:

Avdeling	Sengepostar	Liggedøgnkapasitet	Tal liggedøgn	Belegg (%)	Ledig(%)
<b>Avdeling 2</b>	8	2920	2511	85,99	14,01
<b>Avdeling 1</b>	9	3285	3198	97,35	2,65
<b>Skjerma avdeling</b>	9	3285	3227	98,23	1,77
<b>Avdeling 4</b>	8	2920	2937	100,58	-0,58
<b>Avdeling 3</b>	7	2555	67	2,62	97,38
<b>NGLMS</b>	1	365	174	47,67	52,33
<b>Totalt for utvalet</b>	<b>42</b>	<b>15 330</b>	<b>12 114</b>	<b>79,02</b>	<b>20,98</b>

**Tildelingskontoret Lom og Skjåk** har sakshandsama 615 saker for Lom i 2017, mot 325 saker i 2016.

Tildelingskontoret Lom og Skjåk forklarer kva som ligg i tala: «Fylgjande er henta frå Profil, og syner utviklinga i saksmengd attende til året før me slo saman tenesta i Lom og Skjåk. I desse tala ligg både vedtak om tildeling- og avslag på tenester samt vedtak om eigebetaling for høvesvis langtidsopphald og korttidsopphald over 60 døgn i kalenderåret. Alle vedtak om TT-ordning, parkeringsbevis og ledsagerbesvis er handsama i Ephorte i både kommunane, og er ikkje med i denne oversikta. Til orientering er det 66 TT-heimlar tilSAMAN i Lom og Skjåk.»

Tildelingskontoret Lom og Skjåk forklarer utviklinga slik: «Auka saksmengd er difor ikkje eit bilet på ei meir hjelpetrengjande befolkning, men snarare eit bilet på at ein etter kvart byrjar å få system på rullering av vedtak og sikring av at alle tenestemottakarar har vedtak, at dokumentasjon om gjeve helsehjelp vert gjort og at eigebetalinga vert korrekt for både tenestemottakar og kommunen.»

## Sjukefråver:

Det totale sjukefråveret i PO i 2017: 7,4 %

Gjennom året var sjukefråveret sers høgt i januar og februar med totalt sjukefråver på 9 % desse månadane. Korttidsfråveret (1-16 dagar) var høgt desse månadane og kan m.a. skuldast sesongvirus. Det totale sjukefråveret var lågast i august og var på 5,2 %. Det totale sjukefråveret i desember var på 7,1 %. Fråveret 1-16 dagar i 2016 var 2,2 %, medan det i 2017 var 2 %. Det totale fråveret i PO i 2016 var 7,7 % medan det i 2017 var 7,4 %.

Det er verd å nemne at leiarane for dei ulike områda og merkantil konsulent mykje tid på å dekke opp vakter ved fråver; sjukdom, permisjonar i tillegg til arbeidet rundt tilretteleggingstiltak i samband med sjukemeldingar.

# Statistikk

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Pleie og omsorg			
			Noreg res 2017	Res 2016	Mål 2017	Res 2017
Brukarar heime-basert omsorg	Opplevd kvalitet	Eg får den hjelpa eg treng slik at eg kan bo heime	5,2	5,8	5,8	5,9
		Dei tilsette veit kva dei skal gjere når dei kjem heim til meg	5,2	5,8	5,6	5,6
		Eg veit kva som står i vedtaket mitt	4,4	4,7	4,7	5,2
Målt kvalitet		Det tok kort tid frå eg sökte om hjelp til eg fekk det.	5,1	5,6	5,6	5,6

Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner i pleie og omsorg er i Lom i 2016 kr. 26 882. Til samanlikning var beløpet i kostragruppe 3 kr 22 148 og for Oppland kr. 20 060. Det er forventa at biletet vil endre seg som følge av omstillingane som er gjennomført i 2017.

## PO heimenesteneste:

Planlagde svar: 140

Svar: 28

Svarprosent: 19

- I spørsmåla under respektfull behandling, ligg snitt Lom over snitt Norge i alle spørsmåla.
- I spørsmåla under tilgjengeleighet, ligg snitt Lom over snitt Norge i alle spørsmåla.
- I spørsmåla under informasjon, ligg snitt Lom over snitt Norge i alle spørsmåla.
- I spørsmåla under heilskapsvurdering, ligg snitt Lom over snitt Norge i alle spørsmåla.
- Alt i alt er svarprosenten såpass låg at ein kan ikkje legge vekt på resultatet i undersøkinga.

## Medarbeidarundersøking

PO har ikkje prioritert oppfølging av resultata frå 10-faktor medarbeidarundersøking.

## Økonomi

Sett heile tenesteområdet under eitt, er det ei innsparing på kr. 1 557 000 i 2017. I all hovudsak skuldast dette innsparing i pensjon og arbeidsgjevaravgift, lågare straumutgifter, større tilskott i høve ressurskrevjande tenester og høgare inntekter enn budsjettert i høve langtidsopphold institusjon.

# Mål for framtida

Vi vil framleis ha høgt fokus på omstillingsprosessen vi starta opp med i 2015 for å kunne bli mest mogleg rusta til dei store utfordringane som kjem etter 2020 med auka tal eldre og hjelpetrengande.

Jf. økonomiplanen 2018-2021 er det tenkt oppstart bygging av omsorgsbustadar i miljøarbeidartenesta i 2019 og ombygging/tilbygg Lom helseheim med nye omsorgsbustadar til eldre med moglegheit for heildogns omsorg i 2020. Dette er tiltak for å møta framtidige

utfordringar og å gjere drifta ressurseffektiv. Tilgangen til kompetent arbeidskraft er forventa redusert i åra som kjem. Vi vil halde fram med å ha stort fokus på våre primæroppgåver og å halde god kvalitet på tenestene våre gjennom kompetanseheving, fokus på internkontroll og HMS og god budsjettstyring.

Vi vil ha høgt fokus på resultatoppnåing i heimenestene, sjølv om handlingsrommet i høve til bruk av lågterskelt tilbod vart redusert gjennom budsjett 2018.

# Kva gjer miljø, teknisk, næring?

MTN (Miljø, teknisk, næring) har ansvar for planarbeid, miljø- og naturforvaltning, næringsutvikling, landbruksforvaltning, tekniske tenester innan veg, vatn, avlaup og renovasjon, vaktmesterteneste, reinhald, byggesakshandsaming, kart- og geodataforvaltning, generell beredskap og førebygging mot naturskade og ulykker. Tenesteområdet Miljø, teknisk, næring er prega av eit godt tverrfagleg samarbeid. Dei ulike fagområda og tenestene innanfor området har til saman ei fagleg breidde som gjer det mogleg å oppfylle målsettingane om eit godt tenestetilbod knytt til ressursforvaltning i ein liten kommune.

Lom kommune har tre faste tilsette som jobbar med næringsutvikling, to personar på landbruk i 50%-stilling og ein næringssjef / landsbykoordinator i 100%-stilling. Utover dei faste tilsette har Lom kommune inngått ei avtale med Vågå kommune om tenestekjøp på landbruk. I tillegg har Vågå, Skjåk og Lom felles skogbrukssjef. Meir samarbeid på tvers av kommunegrenser har vore oppe til diskusjon både på landbruk og anna næring, men utan konklusjon pr. dags dato.

Stillinga som kommunalsjef på MNT er framleis vakant, administrasjonssjef Ola Helstad har hatt leiaransvaret for MTN sidan 2015

## Kva skjedde i 2017?

### Næringsutvikling:

Aktivitetene på næring, landbruk og skogbruk finn du under kapittelet «kommunen som samfunnsutviklar».

### Næringsliv:

Det blir jobba aktivt for å få inn eksterne midlar, både til kommunen og til det lokale næringslivet. Kommunen fekk 1 million i tilskot til forenkling av utmarksforvaltninga (i samarbeid med andre aktørar) i 2017, og rundt kr. 70 000 i lokale tiltaksmidlar til Lom nasjonalparklandsby. Ein meir detaljert oversikt over alt som har skjedd gjennom Lom nasjonalparklandsby i 2016 / 2017 kan lesast her: <http://www.lom.kommune.no/om-lom/lom-nasjonalparklandsby/tiltaksplanar/tiltaksplan-og-rapport-for-lom-nasjonalparklandsby-2017.12279.aspx>

Andre større arbeidsoppgåver har vore revidering av næringsfondsreglementet, som vart ferdigstilt i 2017. Kommunen har, i samarbeid med handelsstanden, fått utarbeidd ei handelsanalyse for Lom, som i neste ledd førte til at Fossbergom fekk utvida status som turistplass frå påske til 15. oktober. I tillegg til bedriftsbesøk har det vorte gjennomført fire frukostmøte / næringspubar i samarbeid med andre, med rundt 130 deltakarar. I 2017 vart det innført nytt system for å søkje om produksjonstilskott og avløysartilskott i jordbruket. Dette førte til ein del endringar m.a. søknadsfrist og telldato for husdyr, men ingen endringar i sjølve regelverk. Søknader kan no berre leverast elektronisk. Omstillinga førte til auka behov for informasjon og rettleiing.

### Utviklingstrekk

Husdyrhald og spesielt mjølkeproduksjon med

grovförproduksjon er den største landproduksjonen i Lom kommune, og utmarksbeitebruken med både småfe og storfe har sterke tradisjonar her. Fleire gardbrukarar utviklar og investerer i driftsapparat og ressursgrunnlaget generelt gjennom bygging, dyrking, beiterydding, kjøp av mjølkekvote eller investering i utsyr, installasjonar m.m. Den totale mjølkeproduksjonen i Lom målt i liter mjølk levert til TINE er gått litt ned over dei siste fem åra frå 8,38 mil. liter mjølk i 2013 til 7,97 mil. liter i 2017, men likevel ikkje i takt med tal hentepllassar i Lom som i same perioden har gått ned frå 75 til 67. Dette betyr at fleire aukar mjølkeproduksjonen og gjennom å leige mjølkekvote fangar dei opp ein del av mjølkeproduksjonen som blir lagt ned. Fleire gardbrukarar i Lom satsar på vidareforedling og direktesal av kjøtt og andre produkt. Satsinga ser ut for å ligge i trenden og fleire har fått støtte gjennom Innovasjon Norge.

Det er verdt å merke seg rekordhøge gjestedøgnstal i 2017 (i underkant av 200 000), og ein styrka skuldersesong på vår og haust. Av andre positive utviklingstrekk kan det nemnast få konkursar og god utvikling i detaljhandelen over fleire år. I skogbruket vart det avverka 5643 m<sup>3</sup> i Lom i 2017. Dette er eit svært bra tal, sett i forhold til historisk aktivitet. Dei fire åra vi har hatt avverkingstilskot har det i gjennomsnitt vorte avverka 3842 m<sup>3</sup> pr. år mot 1146 m<sup>3</sup> pr. år dei siste fire åra før tilskotsordninga vart innført.

I dette avsnittet har det vore mest fokus på dei positive utviklingstrekkna. Det er likevel viktig å vere klar over at Lom har utfordringar knytt til folketalsutvikling, demografi og sysselsetting. Kommunen jobbar kontinuerleg med å legge til rette for fleire arbeidsplassar, nyetableringar og ei positiv folketalsutvikling.

### **Løyvingar frå næringsfondet:**

I 2017 har Lom kommune gitt tilskot til nyetableringane Jotunheimen Rein og Jotunheimen Yoga (Kristin Lund). Andre døme på tiltak som har fått støtte er forprosjektet «Fjellgastronomi», ny tømmestasjon for bobil, skredfarevurderingar for private, ulike arrangement, laserskanning, Visit Jotunheimen og vinterbrøytning av Meadsvegen. Norsk fjellsenter har fått støtte til utviklinga av eit minivitensenter «Fjellviten» og ei ny hovudutstilling «Bergtatt». Totalt har det vore behandla rundt 20 sakar på næring, med løyvingar på rundt kr. 950 000 i tillegg til kr. 550 000 til Visit Jotunheimen. På landbruk har det vore 13 sakar, og vore brukt omkring kr. 900 000 i kommunale midlar på jord- og skogbruket, i tillegg til statelege løyvingar.

### **Kart og oppmåling:**

Innafor geomatikken har vi i år hatt eit spanande lyft i at vi har fått innført SFKB (sentral felles kartdatabase). Originalbasa til dei fleste hyppig oppdaterte datasetta som er drifta gjennom det nasjonale FKB-samarbeidet er flytta frå vår server på Otta til ein sentral server hos Kartverket, der vi har tilgang til å gjera endringar rett i den nasjonale basa. Dette gjer at oppdateringar i kartet (på til dømes veg og bygg) er tilgjengeleg for "alle" så fort det er ferdig ført. Tidlegare sendte vi inn endringar to gongar i året. Det er òg ein betre kvalitetskontroll på det som blir ført underveis, noko som gjer at det vil bli mindre feil i kartet. Veldig mange nyt godt av denne sentraliseringa, til dømes blålysetatar og taxiar, men òg forskjellege brukarretta nettbaserte kartløysingar som Norgeskart, Finn og Gule Sider.

### **Plan og miljø:**

Andre gongs høyring av kommunedelplan for Fossbergom vart gjennomført hausten 2017. Endringar samanlikna med første gongs høyring var m.a. forslag om ny arealbruk i området ved stavkyrkja, med flytting av dagens parkeringsplass og turistbussparkering på Kyrkjevollen til området mellom ungdomsskulen og kyrkja. Også bussterminalen var foreslått flytta hit. NVE, Fylkesmannen i Oppland og Oppland Fylkeskommune kom med til saman 6 motseigner til planframlegget, fleire av motsegnene var knytt til foreslått arealbruk i området ved kyrkja. Sommaren 2017 gjennomførte Norges Geotekniske Institutt på oppdrag frå NVE skredfarekartlegging for deler av kommunen, m.a. Nedre Bøverdalen, Øvergrende og strekninga Vikedalane - Skjåk. Kartlegginga omfattar alle skredfaretypar. Endeleg skredfarerapport frå NVE er forventa ferdig 1. halvår 2018.

Det kommunale trafikksikringsutvalet har revidert trafikksikringsplanen for Lom kommune. Denne vart vedteken i august, og er eit av ledda for at Lom kommune skal bli ein Trafikksikker kommune – noko kommunen har signert ein intensjonsavtale for å bli.

I august starta reguleringsplanarbeidet for området kring Brubakken opp.

Lom deltek i KS-nettverket «naturfare og klimatilpasning» saman med 21 andre kommunar. Det har vore to samlingar i nettverket i 2017.

### **Byggesak:**

Talet på mottekte og handsama søknadar held seg på om lag same nivå som tidlegare. Spørsmål og veileding for tiltak som er unntake byggesakshandsaming, samt melding av desse tiltaka som grunnlag for oppdatering av kart- og matrikkeldata har auka i 2017. Gode resultat på brukarundersøkinga.

### **Kommunale bygg, investeringar:**

Ei rehabilitering av symjehallen inkludert oppgradering av tekniske anlegg, vart avslutta i juli 2017. Rehabilitering av Lom Helsecenter vart gjennomført i 2017.

For drift og vedlikehald av kommunal bygningsmase er det tilsett 13 reinhaldarar og seks vaktmeistre i faste stillingar. Dette er seks vaktmeistre fordelt på 5,6 årsverk i 2017. Dette er skoren ned til 5,1 årsverk i 2018. 13 faste reinhaldarar utgjer 8,6 årsverk. I tillegg vert det nytta tilkallingsvikarar ved spesielle behov/fråvær. Reinhaldet er bygd opp med standarden NS-INSTA 800.

Kommunale bygg, drift: Enøk-rapport som omhandlar dei større kommunale bygningane vart ferdigstilt. Her er det kartlagt investerings/vedlikehaldsbehov og mogleg redusert energibruk. Rapporten blir implementert med innspel om investeringstiltak og tiltak mot drift.

Delar av internkontroll-systemet, IK Bygg er teke i bruk. Bruken vart utvida i 2018, og vil vera til god hjelp innan drift, vedlikehald og ikkje minst ved brannvern arbeid.

Det er gjennomført tilsyn ved dei fleste av dei større kommunale bygg. Både innan brannvern og på EL-anlegg, leikeplassutstyr ved skule og barnehagar, m.m.

Kurset «Kompetanse pluss» vart gjennomført av 11 personar frå drift i 2017. FDV, ENØK, HMS og reinhald var hovedelementa i kurset.

### **Vatn og avlaup:**

Tiltak med overføringsledning for avløp frå Leirmo til Galdesand samt oppgradering av avløpspumpestasjoner vart ferdigstilt og sett i drift i 2017. Renovering av Garmo reinseanlegg vart starta opp i 2017 og blir ferdig sett i drift i mars 2018. Tiltak med kommunale anlegg etter handlingsplan i «Hovedplan for avløp» er da gjennomført. Gode resultat på brukarundersøkinga.

# Kalde fakta

Drift og vedlikehald av kommunale vegar har i 2017 eit meirforbruk i forhold til budsjett på ca. kr 330 000. Dette skuldast i hovudsak at budsjettramma ikkje har vore auka på mange år. Dersom standard på drift ikkje blir redusert vil det enkelte år bli meirforbruk som følgje av hendingar og vinterdrift.

Rekneskapen for 2017 for kommunale bygg syner eit overforbruk på 534 000. Hovudårsaken til dette er overforbruk på oppvarming og naudsynt utskifting av automatikk mot SD-anlegg.

# Statistikk

Søknadar om dispensasjon for motorferdsel i utmark: 8 stk.  
Søknader om dispensasjon frå arealplan: 19 stk.

## Byggesak:

Omfang av byggesøknadar er på 103 sakar, her er alle søknadstypar medrekna. Av desse er det 41 eitt trinns og 4 rammesøknadar. Det er i 2017 gjeve løyve til oppføring av 6 bustadhús.

**Landmålingsavdelinga** fekk 18 rekvisisjonar. 6 av desse gjekk på kvalitetshaving av geometri, 5 festeeigedommar har blitt løyst inn til grunneigedommar, det har blitt oppretta 3 nye punktfester og det har blitt oppretta 27 nye eigedommar ved frådeling.

# Mål for framtida

- Gjennomføring av trafikksikringstiltak i Brubakken skal etter planen starte opp sommaren 2018.
- Kommunedelplanen for Fossbergom er forventa ferdigstilt i 2018.
- Renovasjon: Innkjøp av 13 nye conteinerar for restavfall frå hytte, fritidshus og særter samt 5 nye conteinerar som returpunkt for papir og papp.
- Miljøstasjon: Asfaltering av område for mottak av hageavfall.
- Gateljos: Prosjekt for oppgradering, utskifting og nyanlegg gateljos langs med kommunale vegar. Oppstart 2018.
- Digitalisering av eigedomsarkivet.
- Eit aukande vedlikehaldsetterslep gjev eit stort behov for kommande investeringar og rehabiliteringar av den kommunale bygningsmassa.
- Rehabilitering av 3 etg. på Lom Helsecenter skal ferdigstilla i januar 2018.
- Utarbeidd ENØK-rapport vert oppfylgd gjennom innspel til investering- og rehabiliteringstiltak ved aktuelle kommunale bygg.
- Det er eit mål for 2018 at internkontrollsystemet IK Bygg skal vera teke i bruk på heile bygningsmassa.
- Det ble gjennomført dekkeprogram for kommunale vegar i 2017 med 2,5 mill. kr og tilsvarande løyving for 2018. Dette medfører betydeleg løft av vegstandarden og at vedlikehaldsetterslep blir teke inn. Dette vil ha betydning for rammer til drift og vedlikehald på sumaren framover.
- Høyring av revidert kommunedelplan for klima og energi skal etter framdriftsplanen skje 2. halvår 2018





# Helse og velferd

## Kva gjer helse og velferd?

### Etter helse- og omsorgsloven:

Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om naudsynte helse- og omsorgstenester. Dette omfattar alle pasient- og brukargrupper, herunder personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne (Jfr. helse- og omsorgsloven § 3-1).

### Etter Folkehelseloven:

Kommunen skal fremje befolkninga si helse, trivnad, gode sosiale og miljømessige forhald og bidra til å førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, bidra til utjamning av sosiale helseforskjellar og bidra til å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa.

Kommunen skal fremje folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemedlar kommunen er tillagt, herunder ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting. Kommunen skal medverke til at helsemessige omsyn blir ivareteke av andre myndigheter og verksemder. Medverknad skal skje blant anna gjennom råd, uttaler, samarbeid og deltaking i planlegging. Kommunen skal legge til rette for samarbeid med friviljug sektor (Jfr. Folkehelseloven § 4).

**Det er etablert følgjande tenester i Lom kommune for å ivareta desse oppgåvene/ansvaret:**

- Legeteneste
- Regional koordinator i samfunnsmedisin
- Legevakt (regional med base på NGLMS, Otta)
- Intermediære senger og ø-hjelppssenger (KAD-plassar)
- Lom Helsestasjon
- Svangerskapsomsorg/jordmor
- Jordmorvakt
- Ergoterapi
- Fysioterapi
- Frisklivsentral (i stor grad vakant i 2017)
- Psykisk helseteneste (felles med Skjåk)
- Regional ruskoordinator
- Regional kreftkoordinator
- Flyktningteneste
- Barnevernteneste (felles med Skjåk – Skjåk er vertskommune)
- NAV – felles NAV-kontor med Skjåk.

## Kva skjedde i 2017?

### Legeteneste

*Det mest positive:* Nytt helsesenter!

*Ufوردande:* Har i 2017 vore ein merkbar auke i oppfølgjing av pasientar, som eit resultat av samhandlingsreformen. Smitteutbrot på ei turisthytte i sommarferien krevde mykje ressursar. Arbeid med einskilde flyktningar har også vore utfordrande og ressurskrevjande i året som gjekk.

### Regional koordinator i samfunnsmedisin

Sjå NGLMS si eiga årsmelding: [nglms.no](http://nglms.no)

### Intermediære senger og ø-hjelppssenger (KAD-plassar);

Sjå NGLMS si eiga årsmelding: [nglms.no](http://nglms.no)

### Legevakt (regional med base på NGLMS, Otta)

Sjå NGLMS si eiga årsmelding: [nglms.no](http://nglms.no)

### Jordmorvakt (regional med base på NGLMS, Otta)

Sjå NGLMS si eiga årsmelding: [nglms.no](http://nglms.no)

### Lom Helsestasjon

- Fødselstalet var på 10 fødslar + 2 tilflytta, det lågaste talet til nå. I 2016 var talet 27 + 3 tilflytta.
- Gjev tilbod om fyrstehjelppskurs til alle foreldre med nyfødte barn.
- Tilbod om Babysong for alder 2 – 8 mnd. i samarbeid med Skjåk helsestasjon, Skjåk kulturskule og Lom Friviljugsentral.
- Skulehelsetenesta (i alle steg) har auka press på oppfølgjing av barn og unge med psykiske vanskar. Utfordring psykisk helse barn og unge.
- Oppfølgjing av brukarar med særskild behov (t.d. ansvarsgruppe og IP- individuell plan) antal 15.
- Innvilga søknad om prosjektmidler frå Helsedirektoratet til styrking av helsesterstilling med 20% i vidaregåande skule, start 08.2017 til 31.12.17, søkt om forlenging av midlane ut skuleåret 2018.
- Både helsestrenere har gjennomført opplæringsprogrammet ICDP – foreldreveiledningsprogram, gruppeveiledning til flykningar med barn oppstart i 2018.
- Langtidssjukemelding av ei helsester i delar av året.

## **Ergoterapi**

I august 2017 blei ergoterapitenesta samlokalisert med fysioterapitenesta i nye lokal. Dei nye lokala har gjort det enklare for både brukarane av tenesta å finne fram. Hausten 2017 blei det oppstart av kvardagsrehabilitering i Lom kommune. Ergoterapeuten er ein av resurspersonane i kvardagsrehabiliteringsteamet. I Lom kommune er det ein ergoterapeut i full stilling, noko som gjer at det er ikkje er lang ventetid.

## **Fysioterapi**

Fysioterapitenesta fekk i august 2017 etterlengta, nye lokal som både brukarar og fysioterapeutane er svært godt nøgde med. Lokala er godt tilrettelagt og gjev moglegheit for effektivisering av tenesta, samt større brukartilfredsheit og måloppnåing.

Samhandlingsreforma og avtaler om raskare utskriving av pasientar har ført til auka krav og større press på tenesta. Det er lav kapasitet og periodevis lang ventetid for å få fysioterapi i kommunen. Dekningsgraden er lav når ein ser på liknande kommunar med 9,7 årsverk/10.000 innbyggjar i Lom, mot 11,2 i Dovre, 13,4 i Skjåk og 11,7 i Vågå. Lom er den einaste kommunen i Nord Gudbrandsdalen som ikkje har fysioterapeut med driftsavtale, men berre fastløna fysioterapeutar.

## **Frisklivsentral (i stor grad vakant i 2017)**

### **Psykisk helseteneste i Lom og Skjåk 2017.**

Tenesta har hatt oppfølging av om lag 170 pasientar, litt fleire frå Skjåk enn Lom. Antal pasientar er nokså stabilt, men vi ser at pasientane er därlegare og har bruk for meir heilheitleg oppfølging, jamfør resultat av samhandlingsreforma.

-Vi har hatt 2 studentar i veileda praksis. ( ein vidareutdanningsstudent og ein i grunnutdanning sjukepleie).

Tenesta har fått auka kompetanse på rus, Toril deltok på regional psykisk helse og rusutdanning.

-Vi har innført felles samhandlingsprosedyrer med DPS døgn og DPS poliklinikk Otta. Dette for å sikre at dei som har behov for oppfølging både i kommunen og spesialisthelsetenesta skal få ei behandling som heng saman. ( Heilheitleg)

Vore to langtidssjukemeldingar i tenesta, vi har vore heldige og hatt inne kvalifisert vikar som har dekt opp det meste av dette.

Utfordringar i høve samhandlingsreforma og endringar i spesialisthelsetenesta er at vi må ivareta därlegare pasientar lokalt. Nålauge for å koma inn i spesialisthelsetenesta har vorte trøngare. Det er lagt opp til stuttare innleggelsestid på sjukehus. Dette fører til utfordringar lokalt med korleis ein skal ivareta dei som treng tett oppfølging. Vi ser også at behovet for spesialkompetanse innan psykisk helsearbeid

må til for å ivareta desse pasientane. Tenestra har behov for auka kompetanse innan kognitiv terapi og rus for å kunne imøtekoma desse utfordringane.

-Det er behov for å få på plass ein communal rusplan. Arbeidet med denne er starta opp, men har stansa grunna at ruskoordinator ikkje er i drift. Korleis imøtekoma krav om tilgang på kommune psykolog innan 2020?

Stor utfordring at leiar ikkje har øyremerka tid til å ivareta dei administrative oppgåvene her. Leiar brukar for mykje tid til pasientretta arbeid, noko som går utover det å få fulgt opp det som går på leiarrolla. ( utvikling av tenesta, få fulgt opp alt som går på krav til dokumentasjon, lovverk og gjeldande veiledarar. Samt ivaretakelsen av rusomsorga.) Utifrå dette ser ein at det er behov for å få auka ressursane i tenesta. Mi erfaring tilseier at leiar bør ha minst 40% stilling øyremerka administrasjon.

## **Regional ruskoordinator**

Sjå NGLMS si eiga årsmelding: [nglms.no](http://nglms.no)

## **Regional kreftkoordinator**

Sjå NGLMS si eiga årsmelding: [nglms.no](http://nglms.no)

## **Flyktningteneste**

2017 var eit utfordrande år i tenesta – høge busetjingstal (ordinære busetjingar og familiegjenforente) i 2015 og 2016 (26 kvart år) fekk ringverknader i 2017. Stort arbeidspress og ein del ekstra utfordringar i tenesta gjorde sitt til at vi fekk ei langtidssjukemelding frå september og ut året. Det kom etter kvart inn delvis vikarar for den sjukmeldte og det vart også kjøpt teneste frå Vågå nokre dagar i veka. Det gjekk såleis greitt etter kvart, men vi fekk ei påminning om kor sårbare slike små tenester kan vera (1-2 tilsette). Ordninga med delvis vikarar og noko tenestekjøp frå Vågå held fram også i 2018. Det skulle vore busett 10 flyktningar i 2017, men vart busett 8. Dei to siste vil bli busett innan utgangen av mars-2018. Ut over dette er det ikkje planlagt busett nokon i 2018. Kommunen fekk heller ingen anmodning om busetjing i 2018.

## **Barnevernteneste (felles med Skjåk – Skjåk er vertskommune)**

Barneverntenesta fekk mange meldingar fyrste halvåret i 2017, og grunna noko utfordringar knytt til sakshandsamartilgang, fekk vi diverre fristoversittingar i tenesta både fyrste og andre halvår. Dette betyr ikkje at barn ikkje fekk den hjelpa dei skulle, men at vi brukte noko lengre tid på undersøkingar enn det som er lovkravet. Vi har no på plass nok sakshandsamarar og vonar dette Barneverntenesta har ikkje hatt nok respondentar på brukarundersøkinga til å få ut måltal som kan brukast. Vi ynskjer å sjå om det er mogleg å få til ei type brukarundersøking som går jamt over heile året, der vi kan fange opp både dei som har hatt undersøking, samt dei som har tiltak. På denne måten vil vi få fleire respondentar, samt

meir utfyllande informasjon.

Vi opplever eit godt samarbeid med både barnehage, skule og helsestasjon i Lom.

## NAV Lom og Skjåk

Dei overordna føringane for NAV i 2017 var Fleire i arbeid, Betre brukarmøter og Økt kompetanse:

- auke innsats for å inkludere utsette grupper på arbeidsmarknaden
- styrke relasjonane til arbeidsgjevarar
- myndige NAV-kontor med større fagmiljø
- legge til rette for betre brukarmedvirkning og betre brukarmøter
- redusert nasjonal styring og auka lokalt handlingsrom medfører auka kompetansebehov
- auka digitalisering av tenester og sjølbetjeningsløysingar krev endra/ ny kompetanse i NAV-kontora

Situasjon på arbeidsmarknaden i Lom kommune har vore stabilt siste åra og det var ingen endring av arbeidsledige i 2017 samanlikna med 2016, - 1,6% av arbeidsstyrken.

NAV-kontoret har i 2017 delteke på ulike arenaer som frokostmøter, jobbmesser ect. saman med næringslivet i Lom.

NAV Lom og Skjåk ligg over målkravet kontoret har for arbeidsgjevarkontakt.

Sjukefråværet for arbeidsstyrken Lom kommune ligg for 2017 litt over snittet for Oppland fylke.

NAV har intensivert oppfølgingen av sjukmeldte i 2017 i form av vurdering av aktivitetskrav ved 100 % sjukmelding på 8 vekers tidspunktet og gjennomført Dialog – møter før det har gått 26 veker av sjukeforløpet.

Dette har resultert til at ein større del har gått over til

gradert sjukmeldung tidlegare og at sjukmeldte har kome tidlegare inn att i arbeidet sitt.

Utbetalinger av sosialstønad har hatt ei lita auke i 2017 samanlikna med 2016, men talet på sosialhjelppsmottakere er nokså stabilt.

Frå 01.01.17 vart det lovbestemt aktivitetsplikt for mottakarar av sosialhjelp under 30 år. Dette for å styrke mottakaren si moglegheit for overgang til arbeid.

Utfordingar for NAV Lom og Skjåk i 2017 har vore prosessen med ei eventuell samanslåing av NAV Vågå og NAV Lom og Skjåk da det ikkje er tilsett ny leiar for kontoret etter at den førre slutta i mai-17

## OVERORDNA:

Den største og mest gledelege hendinga i helse- og velferd i 2017 var at ombygginga av helseenteret vart fullført. Legetenesta, helsestasjon, jordmor og ergo-/fysioterapi fekk da nye og større lokalar til stor glede for både tilsette og ikkje minst for innbyggjarane i Lom.

Under ombyggingsarbeidet var det ei krevjande periode for alle tenestane som måtte flytte ut til mellombels lokalar (legetenesta, helsestasjon og jordmor til 3. etg. på midtbygget - tidlegare fødestua og fysioterapien til lokala i kjellaren på gamle Loar). Når byggearbeidet var ferdig vart det ny flytteprosess inn i dei nye lokala.

Alle tilsette stod på og gjorde ein stor innsats i til dels kummerlege tilhøve i byggeperioda og i flytteprosessane. Vil gje ros til vaktmeisterteamet og IT som alle gjorde ein god jobb i samband med både utflytting og attendeflytting. Dei tilsette og beburarane på Helseheimen fortener også ros for at dei heldt ut i byggeperioda med mykje støy og andre ulemper.

# Kalde fakta

- Ansvar 600 (Helse- og velferd) kom ut med eit overforbruk på kr 525.000 – det meste av dette kr 317.428 var overføring til felles sysselsetjingsgruppe med Skjåk – (dette var ikkje budsjettert i 2017).
- Ansvar 610 (Nav) kom ut med eit overforbruk på kr 266.000. I hovudsak skuldast dette auka sosialhjelpsutbetalingar.
- Ansvar 620 (Barnevern) kom ut med eit mindreforbruk på kr 570.000.
- Ansvar 630 (Flyktningtenesta) kom ut med mindreforbruk på kr 242.000

## Nytt helsesenter

Økonomisk gjekk dette prosjektet med eit overforbruk i høve løying på ca. 3,3 mill. Det er mange årsakar til denne sprekken; Mangefull/dårleg detaljprosjektering ført til at ein underveis måtte ta val/kostnadars som burde vore kalkulert med i prosjekteringa. Dette var tiltak og kostnadars som ein likevel har måttta ta, men da kunne det vore teke inn i løyvinga som vart gjeve av kommunestyret.

Dei største summane gjeld ventilasjonsanlegget (isolering på loft)/utskifting av gammalt rørssystem i himlinga på helsesenteret og etterisolering av ytterveggar i 3. etg. – ergo/

fysioterapi. Noko gjeld også naboareal som tilhøyrrer pleie- og omsorg og som ein vurderte var både fornuftig og på sikt lønnsomt å ta med når entreprenørane allereie var på plass, i staden for å gå i gang med arbeid att etter at helsesenteret var ferdig. Dette gjeld m.a. rom for reine og ureine klede/tøy frå helseheimen. Det var heller ikkje prosjektert noko for IT-området – her vart det m.a. montert prosjektorer og lerrett på møterommet på legekontor og på helsestasjonen.

Det var også ein god del kostnader til kabling, trådlaust nettverk og infoskjermar på venterommet, på helsestasjon og i 3. etg. på ergo/fysio. Andre ting som ikkje var med i prosjekteringa var ein del spesialskap på skadestue (til medisinsk utstyr), skilting både ute og inne i helsesenteret og på ergo/fysioavdelinga.

Det var avsett kr 400.000 til innkjøp av møbler, men dette var ikkje nok, difor vart det kjøpt ganske mykje brukte hev/senk kontorpulter og skap og reolar. Det var heilt naudsynt å bytte ut mykje av møblementet på helsesenteret fordi det meste var utslitt – eit resultat av at tenestane på helsesenteret har i mange år vore i fasen «vente og sjå» - om det kjem nytt helsesenter.

# Mål for framtida

Dei fleste tenestane i helse- og velferd har store effektiviserings- og innsparingspotensialer innafor digitalisering. Dette gjeld m.a. innafor fysioterapi,

helsestasjon og legekontoret. Dette er ein nå i prosess med forbetre.

# Årsoppgjør 2017

## Driftsrekneskapen for Lom kommune

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap	Justert budsjett	Opprinnelig budsjett	Rekneskap i fjor	Differanse Rekneskap/just.bud
<b>Driftsinntekter</b>					
Brukertilbetalinger	10 223 271	9 589 500	9 490 500	10 011 952	633 771
Andre salgs- og leieinntekter	32 186 065	31 831 728	33 424 728	28 772 587	354 337
Overføringer med krav til motytelse	27 407 375	21 134 356	19 201 133	30 175 828	6 273 019
Rammetilskudd	89 492 818	86 184 000	88 854 000	85 958 931	3 308 818
Andre statlige overføringer	16 847 774	16 870 662	16 270 662	19 124 437	-22 888
Andre overføringer	278 823	100 000	100 000	593 277	178 823
Skatt på inntekt og formue	50 569 119	52 267 567	51 745 000	48 621 335	-1 698 449
Eiendomsskatt	5 023 320	5 025 000	5 025 000	6 470 778	-1 680
Andre direkte og indirekte skatter	7 639 494	7 447 433	5 300 000	7 257 763	192 061
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>239 668 059</b>	<b>230 450 246</b>	<b>229 411 023</b>	<b>236 986 888</b>	9 217 813
<b>Driftsutgifter</b>					
Lønnsutgifter	133 385 035	131 400 805	130 553 767	131 798 326	1 984 230
Sosiale utgifter	26 940 410	27 047 290	26 006 800	23 146 604	-106 880
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	29 517 402	26 652 098	28 017 607	32 080 881	2 865 304
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	23 010 320	20 880 877	23 728 562	22 797 869	2 129 443
Overføringer	18 072 793	16 240 915	14 340 225	19 141 403	1 831 878
Avskrivninger	13 288 030	12 000 000	12 000 000	12 643 138	1 288 030
Fordelte utgifter	0	0	-4 924 800	-5 407 782	0
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>244 213 991</b>	<b>234 221 985</b>	<b>229 722 161</b>	<b>236 200 438</b>	9 992 006
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-4 545 932</b>	<b>-3 771 739</b>	<b>-311 138</b>	<b>786 449</b>	-774 193
<b>Finansinntekter</b>					
Renteinntekter og utbytte	5 735 202	6 278 000	5 516 000	9 223 325	-542 798
Gevinst på finansielle inst. (omløpsmidler)	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	48 804	20 000	20 000	44 824	28 804
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>5 784 006</b>	<b>6 298 000</b>	<b>5 536 000</b>	<b>9 268 149</b>	-513 994
<b>Finansutgifter</b>					
Renteutgifter og låneomkostninger	4 042 131	4 588 000	4 588 000	3 701 322	-545 869
Tap på finansielle inst.(omløpsmidler)	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	7 760 514	7 562 000	6 882 000	6 825 105	198 514
Utlån	127 560	30 000	30 000	34 200	97 560
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>11 930 206</b>	<b>12 180 000</b>	<b>11 500 000</b>	<b>10 560 627</b>	-249 795
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-6 146 199	-5 882 000	-5 964 000	-1 292 478	-264 199
Motpost avskrivninger	13 288 030	12 000 000	12 000 000	12 643 138	1 288 030
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>2 595 899</b>	<b>2 346 261</b>	<b>5 724 862</b>	<b>12 137 110</b>	249 638
Interne finanstransaksjoner					
<b>Bruk av tidl. års regnsk.m. mindreforbruk</b>	<b>6 430 883</b>	<b>6 430 883</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	0
Bruk av disposisjonsfond	1 594 858	1 594 858	1 731 500	2 086 500	0
Bruk av bundne fond	5 558 078	5 003 538	2 987 600	4 390 536	554 540
Sum bruk av avsetninger	13 083 819	13 029 279	4 719 100	6 477 036	554 540
<b>Overført til investeringsregnskapet</b>	<b>370 800</b>	<b>370 800</b>	<b>370 800</b>	<b>0</b>	0
Dekning av tidl. års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	1 005 252	0
Avsatt til disposisjonsfond	8 754 560	8 674 560	3 976 162	3 771 766	80 000
Avsatt til bundne fond	6 886 438	6 330 180	6 097 000	7 406 245	556 258
Sum avsetninger	16 011 798	15 375 540	10 443 962	12 183 263	636 258
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>167 920</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>6 430 883</b>	167 920

Rekneskapsskjema 1A og 1B	Rekneskap	Justert budsjett	Opprinnelig budsjett	Rekneskap i fjor
<b>Regnskapsskjema 1A - drift</b>				
Skatt på inntekt og formue	50 569 119	52 267 567	51 745 000	48 621 335
Ordinært rammetilskudd	89 492 818	86 184 000	88 854 000	85 958 931
Skatt på eiendom	5 023 320	5 025 000	5 025 000	6 470 778
Andre direkte eller indirekte skatter	7 639 494	7 447 433	5 300 000	7 257 763
Andre generelle statstilskudd	16 847 774	16 870 662	16 270 662	19 124 437
<b>Sum frie disponibele inntekter</b>	<b>169 572 524</b>	<b>167 794 662</b>	<b>167 194 662</b>	<b>167 433 243</b>
Renteinntekter og utbytte	5 735 202	6 278 000	5 516 000	9 223 325
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	4 042 131	4 588 000	4 588 000	3 701 322
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Avdrag på lån	7 760 514	7 562 000	6 882 000	6 825 105
Netto finansinnt./utg.	-6 067 443	-5 872 000	-5 954 000	-1 303 102
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	0	0	0	1 005 252
Til ubundne avsetninger	8 754 560	8 674 560	3 976 162	3 771 766
Til bundne avsetninger	6 886 438	6 330 180	6 097 000	7 406 245
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	6 430 883	6 430 883	0	0
Bruk av ubundne avsetninger	1 594 858	1 594 858	1 731 500	2 086 500
Bruk av bundne avsetninger	5 558 078	5 003 538	2 987 600	4 390 536
Netto avsetninger	-2 057 179	-1 975 461	-5 354 062	-5 706 227
Overført til investeringsregnskapet	370 800	370 800	370 800	0
<b>Til fordeling drift</b>	<b>161 077 102</b>	<b>159 576 401</b>	<b>155 515 800</b>	<b>160 423 914</b>
<b>Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)</b>	<b>160 909 033</b>	<b>159 576 401</b>	<b>155 515 800</b>	<b>153 993 033</b>
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>167 920</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>6 430 882</b>
<b>Rekneskapsskjema 1B - drift fordelt på:</b>				
Rådgjevar oppvekst	2 372 108	2 315 431	2 458 800	2 212 505
Støttefunksjonen	748 455	277 867	-1 504 952	-1 076 937
Servicetorg, informasjon og kultur	9 017 663	8 635 024	7 665 500	8 290 947
Loar skule	18 017 664	17 284 985	18 161 500	17 437 396
Lom ungdomsskule	13525028	14137150	14773150	13598441
Loar barnehage	15 693 914	16 557 500	16 046 300	14 074 568
MTN	18 778 482	16 951 629	12 205 262	16 090 154
Utgard	1 513 598	1 004 066	1 127 040	1 714 322
Biblioteket	1 329 097	1 285 200	1 271 200	1 181 272
Helse- og velferd	25478251	25169529	24941800	25949304
Pleie og omsorg	54 434 772	55 958 020	58 370 200	54 521 062
<b>Sum fordelt</b>	<b>160 909 033</b>	<b>159 576 401</b>	<b>155 515 800</b>	<b>153 993 033</b>

## Balanse

## Regnskap 2017

## Regnskap 2016

**EIENDELER**

Anleggsmidler	747 307 720	<b>708 311 738</b>
Faste eiendommer og anlegg	398 724 921	375 531 464
Utstyr, maskiner og transportmidler	5 043 629	5 870 328
Utlån	46 566 615	47 666 558
Konserninterne langsiktige fordringer	0	0
Aksjer og andeler	12 159 238	11 563 915
Pensjonsmidler	284 813 318	267 679 473
Omløpsmidler	111 663 125	<b>145 231 590</b>
Kortsiktige fordringer	23 007 972	29 021 934
Konserninterne kortsiktige fordringer	0	0
Premieavvik	2 864 600	3 376 433
Aksjer og andeler	0	0
Sertifikater	0	0
Obligasjoner	0	0
Derivater	0	0
Kasse, postgiro, bankinnskudd	85 790 553	112 833 223
<b>SUM EIENDELER</b>	<b>858 970 845</b>	<b>853 543 328</b>

**EGENKAPITAL OG GJELD**

Egenkapital	246 188 986	<b>235 343 023</b>
Dispositionsfond	24 190 199	18 130 497
Bundne driftsfond	42 236 762	40 908 402
Ubundne investeringsfond	4 237 754	4 087 754
Bundne investeringsfond	2 273 599	3 716 543
Regnskapsmessig mindreforbruk	167 920	6 430 883
Regnskapsmessig merforbruk	0	0
Udisponert i inv.regnskap	0	0
Udekket i inv.regnskap	-288 947	0
Kapitalkonto	176 719 072	165 416 319
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	-2 977 477	-2 977 477
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (inves	-369 896	-369 896
Langsiktig gjeld	572 754 398	<b>572 306 943</b>
Pensjonsforpliktelser	341 552 675	331 966 181
Ihendehaverobligasjonslån	0	0
Sertifikatlån	0	0
Andre lån	231 201 723	240 340 762
Konsernintern langsiktig gjeld	0	0
Kortsiktig gjeld	40 027 461	<b>45 893 362</b>
Kassekredittlån	0	0
Annен kortsiktig gjeld	40 027 461	45 893 362
Derivater	0	0
Konsernintern kortsiktig gjeld	0	0
Premieavvik	0	0
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>858 970 845</b>	<b>853 543 328</b>

**MEMORIAKONTI**

